Nytt om namn

Meldingsblad
for Norsk namnelag

Nr. 5 - 6, 1987

Oslo 1987

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)
Redaktør: Botolv Helleland
Utgjevarstad: Institutt for namnegransking,
Universitetet i Oslo

Nr. 5-6 1987

Til dette dobbeltnummeret har redaktøren fått god hjelp av Arne Jørgensen (tilrettelegging for edb) og Kristoffer Kruken

Redaksjonen er avslutta 20. aug. 1987

ADRESSER:

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, 7055 Dragvoll. Tlf. (07) 596500
Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5000 Bergen. Tlf. (05) 212422
Mendingsbladet "Nytt om namn", Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. (02) 454375
Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5000 Bergen)

Kontingenten er no 130 kr for året

STADNAMNINNSAMLING VII
(framh. frå førre nr.):



INNHALD

Medlemskap i namnelaget 4
Om Norsk namnelag og oppgåvene for laget 5
Innkalling til landsmøte 12
Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking 13
Konferanse om norsk språk i Amerika 14
Møte i samarbeidsnemnda for namnegransking 15
Sørsamiske stedsnavn på statens karter 16
De finske stedsnavnene på Finnskogene 18
Stadnamnprosjektet i Nordland 21
Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal 26
Norsk stadnamnbase 27
Koppskatten 1645. Litt om namn og namneformer 31
Dataregister for grunnord og stadnamn 34
Eivind Vågslid 37
Ein stadnamnsamlar borte 40
Toppstillingar i namnegransking 42
Stadnamn i kystkulturen 42
Namn og eldre busetnad 43
Religionsmøte og kultiske stadnamn 45
Konferanserapport 47
Namnegransking i Noreg 48
Adresser og stadnamn. Bokmelding 51
Stadnamn og kulturarv. Bokmelding 52
Ny litteratur 53
Namneregister for Østfold 57
Institutt for namnegransking. Årsmelding 1985 57
Historiske og geografiske namn 58
Kva er eit namn? 58
NORNA-rapporter 59



MEDLEMSKAP I NAMNELAGET

Medlemstalet i Norsk namnelag nærmar seg 300, men det er plass til fleire. For 130 kroner året får du medlemskap som samstundes gjer at du vert abonnent på tidsskriftet **Namn og Nemne** og på meldingsbladet **Nytt om namn** som du no held i hendene. Gjennom desse to publikasjonane får du greie på ein god del av det som skjer på det vitskaplege og praktiske planet i namnegransking.

Nr.3 av **Namn og Nemne** (1986) byr på flg. artikkelstoff:

Søderholm,Eira: Mønstre innen et flerspråklig stedsnavnsystem .. 7
Sandøy,Helge: Frænen - Tolking og mistyding 19
Hallan,Nils: Tjernsauget 33
Nes,Oddvar: Geiranger 37
Tveitane,Mattias: Siljan 43
Stemshaug,Marit og Ola: Namn på barnehagar og barnehageavdelingar i Trondheim 47
Vintermyr,Erik Johs.: Litt om stedsnavnas struktur med tanke på morfeminndeling på EDB 73
Hallaråker,Peter: Stadnamn i Vesterheimen - opphav og bruk 101
Hallaråker,Peter: Stadnamn og stadnamnobjekt 117
Register for årgangane 1-3 123
Medarbeidarar i årgang 3 127

Tingingsblankett. Klipp frå slippen og send han til **Namn og Nemne, Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5000 Bergen.**

Eg/vi ynskjer å verta medlem i Norsk namnelag og samstundes tingar av Namn og Nemne/Nytt om namn

Namn: _____

Adresse: _____

Formannen har ordet:

OM NORSK NAMNELAG OG OPPGÅVENE FOR LAGET

Formannen i Norsk namnelag, professor **Reidar Djupedal** ved Nordisk institutt i Trondheim, tek i denne kronikken for seg oppgåvene til laget i samfunnet og utdjupar her ein del av dei tankane han tok opp i nr. 4 av Nytt om namn. Artikkelen har òg vore prenta i Nationen og Språklig Samling.

Den 18. november 1983 vart Norsk namnelag skipa og lover vedtekne. Om føremålet med laget står det i fyrste paragrafen:

Norsk namnelag har til føremål å vekkje interessa for og styrkje kjennskapen til namn, namnevitskap og namnevern. Det gjeld stadnamn, personnamn, namn på husdyr osb., dvs. heile namneskatten i samfunnet, medrekna samiske og finske (kvenske) namn.

Dette arbeidet skal gjerast såleis at det kan vere til gagn for folk og land i det heile og vitskap og kultur særskilt.

Laget skal vere bindelekk mellom alle som har interesse for namn og namnegransking, og det skal ta opp samarbeid med vitskaplege institusjonar og offentlege styresmakter.

Laget skal arbeide for å fremje allmenn kunnskap om og kjennskap til namn og namnegransking, drive kursverksemd og stø innsamlingsarbeid og utgjeving av skrifter og bøker som har med namnegransking å gjere.

Eit norsk namnelag hadde alt vore i emning nokre år. Folk som var opptekne med namnesamling og namnegransking, kjende seg som einslege symjarar på eit stort hav. Kvar laut syte for seg. Det var difor naturleg å få sett på fote eit namnelag som kunne vere ein samlande samskipnad for alle dei som steller med namnesaker. Det skulle ikkje berre vere eit lag for fagfolk i trong meining, men for alle som hadde hug til å vere med.

Laget sette seg store oppgåver. Fyrst og fremst galdt det dei mange spørsmåla som knytte seg til stadnamna, både gamle og nye. Men det galdt òg andre namneslag, både folkenamn (døypenamn) og namn på husdyr. Nye tider og nye skikkar førte med seg store omskifte i namnesed og namnemote. Livet hadde vorte så mykje meir effektivt og likegjort enn før, då kvar bygd hadde sin eigen folkeskikk. No kunne ein film eller eit program i radio eller fjernsyn skape nye skikkar over natta og trengje unna gode og særmerkte namn, endå dei nye kunne høyrast heilt meiningslause ut for gamle øyro.

Den store namnedauden

Nye driftsformer i gardsbruk, skogbruk og fiske, ja i alt arbeidsliv, gjer at det ikkje lenger er bruk for alle dei gamle namna. Den verda dei gamle kjende, var full av namn og nemningar. Livet på ein gard eller ein fiskebåt ville gå reint i stå om alle namna brått vart borte. Bonden ville ikkje finne fram i mark og skog, og fiskaren ville ikkje leite seg fram til halda og fiskegrunnane. Ein bonde i Selje sa det slik: "Korleis skulde eg finne att saudene mine om vi ikkje hadde alle namna i fjellet og i utmarka å gå etter?"

Den store namnedauden i dei siste åra har tynt tusenvis av namn. Mange gardar har vorte lagde i øyde, og tistel og høymole veks over all mark der det før synte far etter menneske. Folk treng ikkje lenger namn på reiter og åkreteigar, bakkar og myrar, utslåtter og skrapmark, der dei slo kring kvar ein stein. Folk skjer ikkje lenger torv eller vedar i utmarka, dei går ikkje lenger dei gamle gòtene og råsene i fjellet. Fiskarane ror og siglar ikkje lenger etter meder og tek merke av stader i land. Namna på alle desse stadene måtte folk kjenne når dei skulle ta seg fram på sjøen. Moderne navigasjonssystem som går av seg sjølv, har avløyst alt det gamle som kravde kunnskap og godt minne.

Nei, vår tids kvardag er ikkje som før. Særleg ille har han fare med alle nemningane og namna på stader som ligg utanfor dei nye allfarvegane, eller som folk ikkje treng om å kjenne. Med tog, bil og buss går det snøgt. Veit du

kvar du skal av, er det nok. Namna i vegkanten treng du ikkje bry deg med. På same måten som vi talar om den store mannedauden på 1300-talet, kan vi no gjerne tale om den store namnedauden. På få år har mange av dei gamle namna vorte heilt borte, og fleire fylgjer etter for kvar dagen.

Stadnamna fortel om den gamle busetningssoga og går ofte attende til førhistorisk tid. Dei som kan lese i namna, ser korleis landet vart bygt. Ikkje sjeldan er stadnamna dei einaste kjeldene vi har. Difor hastar det med å samle dei inn før det vert for seint og alle levande kjelder har tagna. Det er einast dei som kjende den "gamle garden", som veit kva stadene heitte.

Oppgåver for laget

Innsamling av namn er såleis truleg den viktigaste oppgåva som no ligg føre. Det vert alltid tid til å granske og tyde dei. Det er innhaustinga det hastar med.

Den andre hovudoppgåva er å spreie opplysning og kunnskap om kor viktig det er å ta vare på dei gamle namna og lære folk korleis dei skal verne om alle dei namn som høyrer vår kultur til.

I føremålsparagrafen til Norsk namnelag er det òg tale om folkenamn (personnamn) og namn på husdyr, eller som det er sagt: "heile namneskatten i samfunnet". Det er ei mesta urimeleg oppgåve for eit einskilt lag og for ein liten flokk av oppglødde idealistar. Lenge var den fremste oppgåva i norsk namnevern å føre rangskrivne namn attende til rett form, dvs. skifte ut danske skriveformer med norske. Nokre døme syner kva det var tale om: Vandsø vart til Vanse, Vandelven vart til Vanylven, Sneaasen til Snåsa, Kledebodernæ til Klæbu, Tutherø til Tautra, Gudsdal til Gausdal, Selløe til Selje eller Selja og Storøen til Stord. Det fanst mesta ikkje eit norsk namn som ikkje var rengt etter dansk skrivegjerd.

Det har vore og er framleis ei stor oppgåve å få folk til å skjøne kva som er rett skrivemåte av norske namn, for i namnesaker rår det stor vankunne. Verst er stoda når det gjeld skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn. Mange norske ættenamn har opphavet sitt i stadnamna. I gamle matriklar er gardsnamna ofte skrivne etter dansk gjerd, og

slike skriftformer går enno att i ættenamn. Eitt og same namnet kan vere skrive på ulik vis som Wiig, Vig, Wick, Wigen, Wige, Wigum m.m. Mange gardeigarar hevdar at dei danske matrikkelformene er dei einaste rette, og krev å få bruke dei på gardane sine. Ofte vert det då samsvar mellom gardsnamn og ættenamn. Andre skiftande former er Næs(s) for Nes, Tvedt for Tveit, Moe for Mo, Øen for Øya, Ous eller Aus for Os, Backe for Bakke, Ste(e)n eller Stend for Stein, Fladager for Flatåker eller Flataker og Dybedal for Djupedal. Slike dobbelformer er det mange av, og det er ikkje å undrast på at grensa mellom lov og ulov i skrivemåten kan verke noko uklår for folk.

Gardsnamn som alle andre stadnamn er offentleg eigedom som privatfolk ikkje rår over eller kan skrive etter eige tykke. Annleis er det med ættenamna. For dei gjeld særlege reglar, som vi ikkje skal kome innpå her. Hovudsaka for oss er at stadnamn og ættenamn (familienamn) har kvar sine lover og reglar for skrivemåte, og dei må ikkje blandast saman.

Det vantar elles mykje på at stadnamna våre er skrivne etter faste reglar, endå lova skulle vere tydeleg nok her. No er det ikkje alltid lett å avgjere kva som er den rette namneforma språkleg sett, og slike former vert det gjerne strid om. Likevel er det visse namneformer som ikkje er rette, og dei finst både på kart og på vegskilt. Namneformene på vegmerka er det ofte vegstellet som fastset. Her kan vi lese mange merkelege namn som fortel at anten må skrivemåten kome av vankunne eller av uvilje til å rette seg etter reglar og føresegner for slikt. Døma er mange og talande: Lisæth, Refvik, Rafnes, Grødem, Røgeberg, Abelsæth, Stensgård og Sylene. Norsk namnelag vil arbeide for at vi får tydelege og ufråvikelege reglar for korleis norske namn skal skrivast.

Nye gatenamn. Leinelia eller Trompetbakken

Sidan vi talar om offentleg namnebruk, kan det òg vere grunn til å sjå på den kommunale namnegjevinga. Etter kvart som byar og tettgrender et seg utover i lendet, skal nye vegar, gater, sloder og plassar ha namn. Dei kommunale namnenemndene er politisk valde, og jamnast samansette

etter partistyrke. Fagfolk har gjerne lite dei skulle ha sagt i slike nemnder. Vi har mange døme på det.

Hovudregelen bør vere å nytte dei namna som alt finst på staden. Og den som leitar, han finn. Det har synt seg meir enn ein gong. Til etterlekk kan mange andre nemne brukast enn veg og gate, t.d. berg, gutu, gòte, hamar, haug, krok, lid, leid, låm, mo, myr, reine, rås, rygg, sand, slette, stein, svad, vang, øyr og ås. Namna bør elles skrivast på norsk vis, såleis Kongsgata, ikkje Kongens gate. Det heiter Haraldshaugen og ikkje Kongens Haug, Kong Harald Hårfagres Haug o.l. Det bør heite Bjørnsonplassen og ikkje Bjørnstjerne Bjørnsons plass, Ibsengata og ikkje Henrik Ibsens gate. Om personen er så lite kjend at han lyt ha med seg titel og førenamn for at folk skal kjennast ved han, bør han ikkje nemnast opp att. Gater oppattkalla etter folk er eit namneslag som helst ikkje bør brukast for mykje, og då helst etter ei viss karantenetid, t.d. 50 eller 100 år. Å lese i lister over gatenamn i byane er som å vandre på ein kyrkjegard med ukjende graver.

Sume stader samlar dei nye gatenamn i grupper, t.d. etter fuglar, fiskar, dyr, musikkinstrument og yrke. Å avvise denne gatenemningsmåten heilt er ikkje råd, men han bør òg nyttast med skjøn og vit. Trompetbakken og Nisegata bør vi få sleppe.

Det er mangt å setje fingeren på i den kommunale namnsetjinga i dag. Mykje ville det hjelpe om namnenemndene fekk meir sakkunnig hjelp enn den dei no har eller nyttar seg av, og om namnereglane vart fastare og meir i samsvar med norsk mål- og namnesed.

Namnet skjemmer ingen. Silje eller Cecilie

I vedtektene for Norsk namnelag er det òg nemnt at førenamn (døypenamn) høyrer med til dei emne som laget bør interessere seg for. Kva foreldre kallar borna sine, vert deira eiga sak. Ingen bør hindre folk i å bruke dei namn dei ynskjer, endå om andre ville ha valt andre namn. I dag er motenamn for gjenter Silje. Det vart før skrive Cecilie, Seselje eller Sissel. Gutane heiter Roy, Kenneth, Roger og Ron. Folkenamna skifter med motane, og romanar og

film viser vegen. I si tid kom gutenamnet Oskar med kong Karl Johan, som hadde forlese seg på Ossians (falske) songar. Bibelske namn og andre innlånte namn frå eldre tid har fått si atterføding.

Namneskikken ymsar frå tid til anna. Før var regelen den at namn som kunne verte til mein for barnet når det voks til, ikkje burde nyttast. Kva namn som var til mein, var ei skjønssak, men regelen bør likevel ikkje gløymast. Namnet skjemmer ingen, seier dei, men vi veit òg at mange røyner annleis og byter namn når dei vert gamle nok til å rå seg sjølve.

Med Bjørnsons bondeforteljingar og Aasens og P.A. Munchs namnelister midt i førre hundreåret fekk vi ein betre og meir heimsleg namneskikk enn den som rådde før. Då fekk vi den såkalla nordiske namnerenessansen. I vår tid treng vi visst ein ny slik renessanse.

Stadnamn og folkenamn i bygdebøker og ættetavler bør òg skrivast på norsk vis. Prestane i gamle dagar visste ikkje alltid kva dei skreiv når dei sette Jørgen i kyrkjeboka i staden for Jørund, Siver for Sigurd eller Sjur, Oluf for Olav, Malfru for Målfrid eller Jørgine for Jørand. Når det er tale om gardar, stader og folk som vi veit vart nemnde i norsk uttaleform i målføra, bør bygdebokskrivarar og andre historikarar slutte å nytte skrivemåtane frå gamle, danske kjelder.

Husdyrnamn høyrer òg til namnekulturen

Den som vil umake seg med å sjå på dei namna som i dag er brukte på hestar og hundar, vil nok skjøne kvifor dei arme dyra òg treng namnevern og namnerøkt. Det har vorte så gale at vituge folk krev at den gode Nordfjord-hesten eller fjordingen bør få norske namn når han skal inn i stambøkene. Her høyrer ikkje Ruby, Diamond Star og Excelsior heime, endå om hestane er aldri så gode.

Gransking av husdyrnamn er ei av arbeidsoppgåvene til namnelaget. Kunamn og geitenamn har lenge vore samla og granska, og det syner seg at desse namna er av stort kulturhistorisk verd. Det same vil andre husdyrnamn vise seg å vere. Når ein sauehund i Jølster enno er kalla Skipar, må det vere eit namn som går langt attende, ja,

kanskje like til norrøn tid, og svarar til namn på dei vidgjetne sauehundane i Skottland.

Namnevern og namnerettleiing

Ei av dei store oppgåvene som ventar, er å få sett på fote ei ny og betre rettleiingsteneste i namnesaker. Dei to namnekonsulentane vi har, druknar i arbeid, og det kan ikkje vere meininga. Her er oppgåver nok for ein heil flokk med namnekunnige folk. Ein tanke er å dele landet i namneområde og på ein eller annan måte knyte rettleiingstenesta til dei nordiske institutta ved universitet og faghøgskular. Men i budsjettsamanheng bør namnekonsulentane vere lagde beinveges under Staten, slik at dei ikkje vert kasta ut eller rasjonaliserte bort når universitetskassa fjørar ut. Statens namnevern bør byggjast opp som ein offentleg institusjon med eige budsjett, men fagleg høyre med til dei filologiske institutta.

I 1979 vart det sett ned ei nemnd til å greie ut dei viktigaste spørsmåla i samband med ei ny stadnamnlov som lenge hadde vore i emning. I 1983 kom utgreiinga (NOU 1983:6), men lovframlegget let enno vente på seg. Folk som burde vite det, seier at det er dags ventande. Vi får vone at det er sant, for mange namnesaker ventar på ei løysing, og det hastar. Alt som har med stadnamn, offentleg namnegjeving, rettleiingsteneste og skrivemåten av namn å gjere, bør samlast i den nye namnelova. Den eine handa bør vite kva den andre skriv og kvifor.

Det er mange og store oppgåver som ventar. Statens styremakter bør kjenne sitt ansvar og ta vare på den kulturarv som namna er. Norsk namnelag kan peike på oppgåvene og i nokon mon hjelpe til med å løyse dei, men det er uråd for einskildpersonar og lag å ta på seg Statens ansvar og skyldnad, som det skal pengar og sterke herdar til å bere.

Opplysning og kunnskap om namnesaker

I siste ende får vi seie at dei mange oppgåvene til Norsk namnelag samlar seg i ei stor hovudsak: å spreie opplysning og kunnskap om namnesaker og vekkje og styrkje interessa for namn i vidaste meining ute mellom folk. Det

trengst, for folk tenkjer gjerne ikkje over nytten av dette, men når dei fyrst får opp augo for alt som må gjerast og bøtast, ser dei oppgåvene grant. I målspørsmål kan meiningane stå mot kvarandre, men namnesakene er kulturoppgåver som alle kan semjast om. Vitnemål om det er bynamn som Halden og Oslo, som ikkje lenger er noko stridsemne, heller ikkje Trondheim.

Norsk namnelag gjev ut tidsskriftet Namn og Nemne og meldingsbladet Nytt om namn.

I dag har laget nære på 300 medlemer, men vi burde vore langt fleire. Laget er ope for alle. Det er noko for alle dei lokale kulturnemndene å tenkje på.

Styret i Norsk namnelag er for tida: Reidar Djupedal, Trondheim (formann), Peter Hallaråker, Volda (nestformann), Gulbrand Alhaug, Tromsø, Ole-Jørgen Johannessen, Bergen og Oskar Vistdal, Bø i Telemark (styremedlemer).

Lat det vere rettesnor og mål for alle som steller med namn: "med namn skal land byggjast og ikkje med unamn øydast".

Reidar Djupedal
Trondheim

INNKALLING TIL LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Det vert med dette kalla inn til det andre landsmøtet i Norsk namnelag. Landsmøtet vert halde fredag 20. november 1987 kl. 9.00 i auditorium 3 i Sophus Bugges hus, Blindern, Oslo.

FRAMLEGG TIL SAKLISTE

1. **Melding om verksemda i Norsk namnelag 1986-87**
2. **Tidsskriftet Namn og Nemne**
3. **Meldingsbladet Nytt om namn**
4. **Rekneskap**
5. **Val**
6. **Ymse**

Etter landsmøtet, om lag kl. 11.00, startar den 5. nasjonale konferansen i namnegransking (sjå nedanfor), og det er høve for landsmøtedeltakarane å vera med på denne konferansen.

DEN 5. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn

Fredag 20. november 1987 arrangerer Institutt for namnegransking den 5. nasjonale namnegranskarkonferansen. Konferansen skal haldast i auditorium 3 i Sophus Bugges hus på Blindern og tek til kl. 11, like etter at landsmøtet i Norsk namnelag er avvikla. Det er venta at konferansen vil vara fram til ca. kl. 16.30.

Emnet for konferansen i år er skriftleg og munnleg normering av stadnamn, eit felt som opptek både fagmiljøet og folk flest. Særleg har skrivemåten av stadnamn vore emne for mykje diskusjon gjennom åra, utan at temaet synest uttømt.

I 1983 la eit offentleg utval fram ei innstilling om skrivemåten av stadnamn (NOU 1983:6), og sidan den tid har det vore førebudd ein odelstingsproposisjon. Kultur- og vitskapsdepartementet har opplyst at denne proposisjonen kan ventast i haust, og venteleg vil innhaldet skapa ny blest om kva skriftform stadnamna bør ha.

Det andre delemnet gjeld munnleg bruk av stadnamn og andre namn. Til dels er dette ei oppfylging av den førre konferansen som hadde lydskrift i stadnamn og anna målføretilfang som tema, men no er det meininga å ta opp spørsmålet om i kva grad namnebrukarar, særleg i informasjonssamanheng, bør nytta ein meir eller mindre normert uttale basert på den lokale uttalen.

Bør bynamnet Skien uttalast /ʂe:`en/ eller /sji:`en/ av ein vestlending i NRK? Skal Geiranger uttalast med /gei-/ eller /jei-/? Her ligg det nær å dra inn spørsmålet om uttalen av personnamn òg. Bør ein seia /to:r/ eller /tord/ for Tord i Sportsrevyen?

Eit meir detaljert program vil vera klart i oktober, og interesserte kan få det ved å venda seg til Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3.

Deltakaravgifta er 70 kroner, som inkluderer kaffi og kringle før konferansen tek til og konferanserapport som vert tilsend etter konferansen.

KONFERANSE OM NORSK SPRÅK I AMERIKA

Planleggingsgruppa for gransking av norsk språk i Amerika byr inn til eindagskonferanse om NORSK SPRÅK I AMERIKA i Oslo 19. november 1987 i seminarrom 33, Wergelands hus. Siktemålet med konferansen er å drøfta forskingssituasjonen generelt på dette feltet og å ta stilling til konkrete forskingsoppgåver som gjeld norsk språk i Amerika (USA og Canada).

Konferansen er open for personar med fagleg tilknyting til og interesse for emnet. Det er høve til å delta med foredrag eller kortare innlegg innan dei delområda som er oppførte nedanfor.

På sjølve konferansen kan ein nytta engelsk eller norsk. Planleggingsgruppa vurderer å gje ut ein engelskspråkleg rapport med foredrag og diskusjonsinnlegg.

Påmelding til Institutt for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3.

Emneområde:

1. Kjeldesituasjonen. Kva finst av skriftlege og munnlege kjelder for gransking av norsk språk i Amerika? Lydband og anna lydmateriale etter Selmer, Haugen o.a. Referanseregisteret "Norway in America" etter Thor M. Andersen. Behov for samlearkiv. Behov for nyregistrering.

2. Norsk i bruk i Amerika i dag. Ei språkvitskapleg tilnærming til fonologiske, syntaktiske, morfologiske og leksikalske sider ved norsk i Amerika i dag. Her og aktuelt med sosiolingvistiske aspekt. Kva skjer med

opphavsspråket i eit immigrantmiljø? Substratfenomen i engelsk snakka av norskamerikanarar.

3. Norske dialektar i Amerika. Kva finst av norske dialektar i Amerika i dag, og i kva grad er det meiningsfylt å samla inn og granska slikt materiale? Regionale og sosiale variantar.

4. Norske namn i Amerika. Førenamn, slektsnamn og andre personrelaterte namn og nemningar. Oppkallingsskikkar. Patronym og gardsnamn som slektsnamn. Stadnamn og institusjonsnamn.

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

I samband med namnekonferansen 20. november kjem **Samarbeidsnemnda for namnegransking** til å ha møte laurdag 21. november kl. 10 i seminarrom 1, Chateau Neuf på Majorstua.

Aktuelle saker på dette møtet er eventuelle tilrådingar/vedtak i spørsmål som har vore oppe på namnekonferansen, innstillinga frå datautvalet for stadnamnregistrering, utveksling av materiale, drøfting av nasjonale innsamlingsoppgåver o.a.

Medlemmer i Samarbeidsnemnda for namnegransking i inneverande periode (1986-88):

Universitetet i Oslo: Eyvind Fjeld Halvorsen, Botolv Helleland. Vara: Tom Schmidt, Kjell Venås.

Universitetet i Bergen: Ole-Jørgen Johannessen, Oddvar Nes. Vara: Jarle Bondevik, Egil Pettersen.

Universitetet i Trondheim: Jørn Sandnes, Ola Stemshaug. Vara: Reidar Djupedal, Nils Hallan.

Universitetet i Tromsø: Gulbrand Alhaug, Nils Jernsletten. Vara: Tove Bull, Nils Øyvind Helander.

Møre og Romsdal distriktshøgskule: Peter Hallaråker. Vara: Terje Aarset.

Rogaland distriktshøgskule/Høgskolesenteret i Rogaland: Inge Særheim. Vara: Ottar Rønneseth.

Særskilt for samisk: Kjell Kemi.

SØRSAMISKE STEDSNAVN PÅ STATENS KARTER

Under sitt arbeide med den nye hovedkartserie i målestokk 1:50 000 (M711), som nu nærmer seg avslutningen, har NGO (nu Statens kartverk) gjort meget for å få med så mange brukelige samiske stedsnavn som mulig. Dette gjelder også de sørsamiske navnene, omtrent fra 66° 10' (Umbukta) sydover til Femundstrakten. I de forskjellige bygdelag de sogner til, utgjør sørsamene en meget liten minoritet, men de har til gjengjeld særlig godt kjennskap til fjelltraktene i sine respektive reinbeitedistrikter. Siden begynnelsen av 1970-årene har NGO's synfarere gjort sitt beste for å finne frem til de presumptivt kyndigste sørsamer, og navnelistene er blitt innlest på bånd, slik at navnekonsulenten har kunnet gi navnene en rimelig form, fra 1974 av i den skrivemåte som er godkjent til skolebruk. Ved hjelp også av andre kilder, delvis fremkommet på sørsamisk initiativ, har den nye kartserie fått bortimot 1500 sørsamiske navn, hvorav ca. 850 på Nordlandsiden (Helgeland), vel 580 i Nord-Trøndelag, og vel 50 i fjellområdene sønnenfor jernbanen over Storlien. I forhold til indre Finnmark er dette naturligvis svært lite, men sammenlignet med de gamle hovedkartserier egentlig ganske meget.

På de gamle gradteigskartene, som for Helgelands vedkommende ble utgitt i årene 1894-1901, finnes naturligvis en hel del navn av samisk opprinnelse, men bare ca. 65 som er klart markert som samiske. Ved hjelp av disse kartene samlet J. Qvigstad i sin tid ca. 350 samiske navn fra området, utgitt i 1938. På de nyeste kartene er altså ca. 500 kommet i tillegg.

På gradteigskartene er et navn markert som samisk hovedsakelig ved at en samisk navneform er tilføyet i parentes under kartets hovedform. På det eldre rektangelkart 57 B Namsvandet (1890), som i nord dekker samme område som den sydligste del av gradteig J 19 Børgefjeld (1901), er slike parentesformer kartets eneste former, dvs. sørsamiske navn tilpasset nordsamisk skrivemåte (f.eks. -Ǩokka for -tjahke). Gradteigskartenes hovedformer er mere eller mindre fornorsket, skrivebordsformer fra

Kristiania. Samiske efterledd er konsekvent oversatt til norsk (f.eks. -Ǩokka til -fjeldet), og en del navn er helt oversatt til norsk, undertiden feilaktig (f.eks. 1890 Suolo-jaure, sydsam. Sååle-jaevrie, til 1901 Holmv^{d} (Suoloj^{r}) ; 1890 Skanjatakken-Ǩokka, sydsam. Skaanjehtahke, feilaktig til Ekkotinden).

Denne konsekvente fornorskning, som på kartene kom tydelig frem fra 1890-årene av, finnes uttrykt også i Forsvarsdepartementets skrivelser av 13/9-28 og 18/3-29 til NGO: 1. "Brukes av befolkningen på stedet bare lappiske navn, anføres dette," men fellesnavn som efterledd skulle oversettes. 2. "Brukes av befolkningen på stedet både lappiske og norske navn, blir som regel bare det norske å anføre. ..." 3. "Lappiske navn kan i sin helhet oversettes, ..." 4. ""Fornorskede" navneformer, hvor hele navnet er avpasset etter norsk uttale optas i størst mulig utstrekning, ..." I tid faller fornorskningspolitikken sammen med de norske myndigheters tiltak for å begrense samenes rettigheter sønnenfor Finnmark. Efter siste krig har instruksen fra 1928-29 spilt liten eller ingen rolle for NGO's praktiske arbeid.

På Trøndelagsiden har rektangelkartene fra tiden 1886-1890 ca. 75 samiske navn, over halvparten av dem i Røyrvik og Namsskogan, dvs. fjellområdet sydover fra Børgefjell, men også vel 25 i fjellområdet fra Sørli vestover til Gjevsjøen. I disse fjelltraktene hadde altså topografene åpenbart samiske hjemmelsmenn, mens de ellers som regel synes å ha holdt seg til bygdefolk. I de samme områder har de nyeste kartene ca. 550 samiske navn.

Det sydligste samiske navn på rektangelkartene (51 C Jævsjø 1888) er NyamoǨokka med riksrøys nr. 174, en tilpasning til nordsamisk av Nyamojoks Viser i grensetraktaten av 1751, nu Njåemeletjahke ("Haretoppen"). Når disse karter ikke har et eneste samisk navn i Rørostrakten, der det på den tid var harde tvister mellom samene og visse bygdefolk, må det være fordi topografene ikke oppsøkte samiske hjemmelsmenn. Blant de ca. 50 samiske navn fra dette område (hovedsakelig først meddelt av folk født omkring 1880) finnes også navn på fjellet med grenserøys nr. 152 og et vann og et høyt fjell vestenfor, som på

rektangelkartet fra 1886 (43 D Stuesjø) ikke har noen navn (det ene står der på svensk side, feilplasert av svenske topografer: Isengälda, alias Ijsengealta).

I løpet av de siste hundre år, med tilpasningen av sørsamenes levevis fra nomadisme til moderne former for reindrift, har sikkert mange samiske stedsnavn gått tapt. Samisk navnetradisjon har sikkert også lidd under fornorskningspolitikken, men med de siste tiders endrede signaler kan også den bli styrket. Blant sine prosjekter har det nye samiske kultursenter i Hattfjelldal innsamling av stedsnavn, og også på Trøndelagsiden er det slik aktivitet. Til kartblad 1924 IV Røyrvik, utgitt i 1977, innkom således i 1983 fra samisk hold bl.a. den bemerkning at Svaleberget (rektangel 57 B 1890 Svalebg.) like sydvest for Mealhkoe (1890 Dærgafj.) på samisk heter Svaalenjuenie ("Kvitrevnasen").

Dette kan også tjene som eksempel på hvorledes et rimelig samisk navn kan omtolkes til et tilsynelatende rent norsk navn, i dette tilfelle formodentlig lokalt, men også temmelig meningsløst.

Knut Bergsland
Oslo

DE FINSKE STEDSNAVNENE PÅ FINNSKOGENE

Interessen for alt finsk på Finnskogene har tiltatt sterkt i senere år. Mens det rundt århundreskiftet var nærmest en skam å være finskættet, er de fleste i dag stolte over sitt finske blod. Mange søker tilbake til sin finske identitet, noe som kommer til uttrykk gjennom forskjellige aktiviteter - for eksempel i de årlige finnskogdagene, i gruppereiser til Finland og vice versa, og i flere andre tiltak for å bevare de særegne finske kulturtradisjoner. Et utslag av den økende interessen er også bestrebelsene for å ta vare på de finske stedsnavnene. Som eksempel kan

jeg nevne at barneskolen i Grue Finnskog i 1985 satte i gang et prosjekt omkring den lokale finnekultur, med innsamling av finske stedsnavn som et ledd i prosjektet.

I 1969 og 1970 reiste jeg selv rundt på Finnskogene i Hedmark og samlet inn finske stedsnavn til laudaturavhandlingen min ved universitetet i Helsingfors. Jeg måtte dengang nærmest nøye meg med stikkprøver herfra og derfra, fordi området var så stort og fordi materialet viste seg å være så meget mer omfattende enn jeg hadde trodd.

Sommeren 1986 fikk jeg anledning til å gjenoppta dette arbeidet. Min tanke var da å registrere de navn som ikke var blitt samlet inn før, og å stedfeste de innsamlede navn på de nye utgavene av det økonomiske kartverket i målestokk 1:5000. I år har jeg fortsatt arbeidet med støtte av Institutt for namnegransking og Norsk-finsk kulturfond, og jeg kan i dag regne med å ha samlet inn de fleste finske stedsnavn i Grue Finnskog, som er det sentrale finske innvandringsområdet på den norske siden av grensen, med det største antall av finske stedsnavn. Grue Finnskog er også valgt som forskningsobjekt i det nordiske tverrfaglige forskningsprosjektet nettopp fordi man i dette området finner et flertall av finske kulturrelikter. Östmark på den andre siden av grensen representerer Sverige i det nordiske prosjektet.

Samtidig har jeg nå tatt fatt på innsamling av finske stedsnavn på Brandval Finnskog og planlegger å fortsette med Vinger, Åsnes og Hof Finnskoger - deretter også med finne-områdene i Trysil.

Den positive interessen for den finske kulturarven er ofte til stor hjelp under innsamlingsarbeidet. Lokalpressen har spredt kjennskap til virksomheten, og folk vil gjerne bidra med det de vet. Ganske mange vet noe om hva de finske navnene i deres hjemtrakter betyr, og mange husker godt hvorledes deres besteforeldre eller foreldre forklarte betydningen av de finske navn. Man må imidlertid ikke uten videre gå ut fra at tolkningene er korrekte. Den økende interessen for alt finsk har ført til at noen har lært seg litt finsk, og det kan ofte være vanskelig å skjelne mellom slik nyervervet viten og den "ekte". Det fins mange fallgruver og store muligheter til misforstål-

ser og feiltolkninger. Utviklingen medfører også at de finske navnene opptrer i mer og mer forvanskede former, noe som selvsagt ikke gjør det lettere å finne frem til en korrekt tydning. Samtidig får enkelte navn nå mer riksfinske former som følge av folks økte kjennskap til finsk, fremmet gjennom finskkyndige enkeltpersoner, finske leksika og lignende.

Interessant er det at man i dag, ved siden av de "gamle" finske navn, kan registrere mange helt nye finske stedsnavn på Finnskogene. På den måten innebærer dagens navngivning en slags revitalisering av den finske etnisiteten. Slike nye finske navn opptrer gjerne i riksfinske former. Som eksempler kan jeg nevne navn på eneboliger som **Jærviharjo** (fi. järvi 'innsjø' og harju 'ås'), **Tåivola** (fi. toivo 'håp' og -la, -lä fi. lokalitetssuffiks), **Niemelæ** (fi. niemi 'odde' og -la, -lä fi. lokalitetssuffiks) og **Einola** (eierens navn Einar, fi. Eino og -la, -lä, fi. lokalitetssuffiks). To hytter ved Røgden, oppført av materialer fra finnetorpet **Notila**, har fått finske navn: **Ranta** (fi. ranta 'strand') og **Kivi** (fi. kivi 'stein'). To andre hytter har fått navnene **Kiviniemi** (fi. kivi 'stein' og niemi 'odde') og **Kivimäki** (fi. kivi 'stein' og mäki 'bakke').

Ofte når jeg på mine innsamlingsferder kommer til et sted hvor jeg ikke har vært før, blir jeg møtt med at "her skulle du ha vært og samlet navn for et halvt hundre år siden"! Det er sikkert riktig. Mye er gått tapt i disse seneste mannsaldrene. Men ennå er ikke alt for sent, og jeg er glad for at jeg ved innsamlingen av finske navn på Finnskogene får yte mitt bidrag til det mangesidige og viktige arbeidet med å redde restene av gammel finsk kultur på norsk jord.

Tuula Eskeland
Oslo

STADNAMNPROSJEKTET I NORDLAND

Kring årsskiftet 1985-1986 planla Gulbrand Alhaug og Botolv Helleland eit prosjekt for innsamling av stadnamn frå Lofoten og Vesterålen (hovudvekt på Vesterålen) med Finn Myrvang i Bø som prosjektleiar. Det vart så 1. mars søkt om stønad frå Institutt for namnegransking i Oslo, Institutt for språk og litteratur i Tromsø, frå Kultur- og vitskapsdepartementet, Norsk kulturråd og Nordland fylke. Tiltaket var sett på som eit forprosjekt for vidare samling. Ved utgangen av mai 1986 var det alt tildelt støtte frå 4 av desse 5 institusjonane, med i alt 55.000, mens Nordland fylke skulle ta opp søknaden i september.

Det drygde langt ut over dette før svaret kom: Det vart avslag, endå det tidlegare var gitt uttrykk for stor velvilje overfor planen. Folka bak prosjektet vart bedne om å søke på ny i 1987, ettersom det berre var pengar det skorta på. Men ikkje dess mindre vart det nei også i 1987! - Seinare etterrøking tyder på at medlemmene av fylkeskulturstyret berre hadde ei linje på saklista å halde seg til då saka var oppe, endå rikeleg dokumentasjon låg føre, men det er i alle høve klart at konsekvensane vart alvorlege: Av det totale budsjettet på 90.000 kr var det meininga at Nordland skulle svare for 35.000. Dei andre institusjonane ytte det som det var søkt om.

Heile prosjektet gjekk dermed i stå etter litt under eitt år, det vil seie akkurat når arbeidet var kome i gjenge med å skaffe kontaktar, sende ut kartmateriale, få i stand samarbeid med historielag, skaffe anna kartmateriell der ØK mangla, m.m.

Den største vansken under prosjektarbeidet (bortsett frå at fylket økonomisk ikkje heldt det dei hadde stilt i utsikt) var sjølve ØK-blada, uventa nok. Det var ein klar føresetnad at Fylkeskartkontoret i Nordland ville stille kartblad gratis til rådvelde, men så skjedde ikkje, og dermed måtte ein av økonomiske grunnar i staden finne fram til improvisasjonar saman med historielag og andre særskilt interesserte som makta å skaffe seg kartmateriell lokalt. Dette har fungert til ein viss grad, men innebar sjølvsagt mykje forseinking. Og når det etter kvart vart

klart at kulturadministrasjonen i fylket heller ikkje hadde seriøse planar om å yte sin skjerv noko forseinka, måtte ein konsentrere innsatsen kring dei informantane som alt var kontakta og det materiellet som alt var sendt ut.

Arbeidet med ØK er kome lengst i Vesterålen og Aust-Lofoten (men av spareomsyn har Vågan sløyfa kartlegginga av til saman ganske store delar av kommunen). Prosjektleiaren valde å prøve å berge opplysningar frå desse "kvite" felta i Vågan, m.a. Henningsvær, Skrova, Litlemola, delar av Stormola. Dertil har det etter kvart kome inn mykje tilfang frå Værøy og til dels Røst, attåt delar av Vestvågøy, Hadsel, Øksnes m.m. Her er elles ikkje alle lister komne inn.

Innsamling av stadnamn er ei kulturell hastesak.

Det ein kan slå fast, er at folk i distrikta har full forståing for at stadnamna står i fare for å gå tapt dersom ikkje eit krafttak no blir tatt. Kultursamanhengen blir broten, eller som det står i ei støtteerklæring til prosjektet frå Flakstad kulturstyre (sitert etter minnet): "'Torvdamman' gjenoppstår som 'Kardemomme by'".

Ei tilsvarande forståing manglar derimot hos dei som er dei leiande i fylkeshovudstaden Bodø, er det likt til, og det er neppe for mykje sagt at mangelen på positive impulsar derifrå får konsekvensar for kommunale vedtak som gjeld gatenamn o.l.

Øyriket Lofoten og Vesterålen er naturleg avgrensa, og å skaffe eit tilnærma fullstendig namneoversyn herifrå kunne gje utbytte på fleire måtar. M.a. er det klart alt no at her finst ikkje så få samiske stadnamn som har overlevd assimilasjonen av dei siste samiske lokalsamfunn for ca. 100 år sidan. Og både dei norske og evt. samiske stadnamna fortel svært mykje om arbeids- og folkeliv i bygd og vær gjennom mange hundre år. Å ta vare på dei-saman med anna lokalhistorisk forsking - vil heretter få mykje å seie for lofotingane og vesterålingane si histo-riske sjølvforståing.

Meininga var å legge alt innsamla namnemateriale inn på EDB, med lydskrift. Dei tekniske vanskane er no nærmast rydda av vegen, men ikkje dei økonomiske. Og sjølve innsamlinga må altså meir eller mindre stogge nettopp av den grunn.

Finn Myrvang
Bø i Vesterålen

STADNAMNINNSAMLING VIII:

Tekst: Margit Harsson
Teikning: Lars-Erik Harsson

Ein bør skaffe seg kunnskap om emnet før ein tar til med innsamlinga...



På førehand må ein gjere seg kjent i det området der ein skal samle inn stadnamn.

Tar ein med heimelsmannen ut i terrenget, får ein både fleire namn og betre lokalisering.

UTSTYR: Namnelister, skrivesaker, kart og evt. kassettopptakar.

Er ein innandørs, kan ein ta turar på kartet - det gjeld å gjere det "naturleg" for heimelsmannen å samtale om stadnamn. Ein set nummer på kartet og skriv namnet på namnelista.





ETTERARBEID: Les gjennom notata - sjå til at alt er forståeleg og rett avmerkt.

OPPKLÅRINGSRUNDE:
Om noko er uklårt, bør ein ta kontakt med heimelsmannen.

STADNAMNPROSJEKTET I MØRE OG ROMSDAL

Prosjektet **Innsamling og arkivering av stadnamn** er ei vidareføring av eit forprosjekt som kom i gang ved MRDH i Volda i 1983. Det er finansiert ved tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeskartkontoret i Møre og Romsdal og Norsk kulturråd. Prosjektperioden strekkjer seg over 5 år, frå 1.1.85 til 31.12.89. Føremålet med prosjektet er både av praktisk, kulturpolitisk, teoretisk og pedagogisk karakter. Kommunane har bruk for stadnamnopplysningar i samband med namngjeving av gater, vegar, bustadfelt og institusjonar. Fylkeskartkontoret har bruk for kunnskap om namnetradisjon når dei skal fastsetje namn på det økonomiske kartverket. Frå ein kulturpolitisk synsstad må det vere ei viktig oppgåve å berge så mange stadnamn som råd er før dei blir gløymde for godt. Når det gjeld stadnamn som forskingsemne, har dei interesse m.a. for lingvistar, dialektologar og lokalhistorikarar.

33 av dei 38 kommunane i fylket vil vere med på prosjektet, og arbeidet i 1986 har stort sett gått ut på å skipe til innføringskurs for kommunale innsamlarar i 11 av desse kommunane. Det har dessutan vore drive aktiv innsamling, oppbygging av eit kopiarkiv, EDB-registrering av innsamla materiale og arbeidd med ei lærebok i innsamling.

I 1986 har følgjande personar arbeidd på prosjektet i tillegg til dei frivillige medarbeidarane rundt om i kommunane: Prosjektleiar førsteamanuensis Peter Hallaråker, MRDH Volda; forskar Tor Erik Jenstad og sivilarbeidarane Idar Krumsvik/Knut Arne Vågeskar. Cand. philol. Arne Kruse er engasjert som forskar på prosjektet frå 10. august 1987.

Peter Hallaråker
Volda

«Norsk stadnamnbase»

Litt historikk

Alt i 1973 kom nordiske namnegranskarar saman til eit symposium i København for å drøfta edb-registrering av namn med tanke på å oppretta maskinleselege namnearkiv. Etter symposiet sette eit utval med representantar for dei nordiske landa seg i sving for m.a. å laga eit høveleg skjema for dataregistrering av namn. Skjemaet tok utgangspunkt i at kvart namn kunne handsamast som ein post med fleire eller færre felt som kunne fyllast ut. Dei viktigaste felta eller opplysningane som hadde plass på dette skjemaet, var oppslagsform, uttale, lokalitetstype, andre språklege og reale opplysningar, heimfesting (koordinatar), i alt 14 felt. Dette skjemaet har i prinsippet vorte lagd til grunn for seinare utgåver.

Hausten 1982 vart det halde ein nasjonal konferanse i Oslo med databehandling av namn som hovudtema. Her vart m.a. registreringsprogrammet FELTED, utarbeidd av *Håvard Hjulstad*, presentert. I kjølvatnet av denne konferansen sette Samarbeidsnemnda for namnegranskning ned eit nasjonalt utval som fekk i oppdrag å greia ut om prinsipielle og praktiske sider ved dataregistrering av stadnamn. Nemnda (*Peter Hallaråker, Botolv Helleland, Oddvar Nes, Per-Bjørn Pedersen* – sistnemnde formann) leverte si innstilling 19.11.1983. Her har utvalet prøvd å samla dei ulike røynslene som har vore gjorde med dataregistrering av stadnamn i fagmiljøa og rår til eit registreringsskjema med til saman 17 felt samla i visse grupper, men slik at ein skil mellom ein dokumentardel som skal fyllast ut straks, og ein analysedel som kan fyllast ut seinare. Dokumentardelen skulle omfatta dei tradisjonelle opplysningane som normalt skal registrerast under innsamlingsarbeidet i marka (oppslagsform, uttale, preposisjon og eventuell kasusbruk, koordinatfesting, lokalitetstype og eventuelt andre kommentarar).

«Norsk stadnamnbase»

Fleire institusjonar har kome i gang med dataregistrering av stadnamn, men det har til no ikkje vore full semje om korleis eit framtidig databasert stadnamnarkiv skulle byggjast opp eller fungera, sjølv om ein nok innan fagmiljøa lenge har innsett at ein gong i framtida ville ein slik teknologi pressa seg fram. Og målet er alle samde om – nemleg at alle stadnamn i landet skal samlast inn med dei nødvendige dokumentaropplysningane og gjerast tilgjengelege for alle aktuelle brukarar. Full

effekt vil ein fyrst kunna få av eit slikt arkiv når ein kan søkja i det maskinelt. Fram til i dag har stadnamnmaterialet vore sett opp i manuelle setelarkiv, ordna regionalt eller på landsbasis i alfabetiske eller etterleddssorterte grupper. Ein god del av dette materialet har vorte kopiert og utveksla mellom institusjonane, men etter kvart som samlingane veks, tek det lenger og lenger tid å setja nytt tilfang inn i dei ulike registraturane.

Namnet «Norsk stadnamnbase» kom opp i samband med at innsamlingsprosjektet i Sogn og Fjordane førebudde ein konferanse om dataregistrering av stadnamn våren 1986. Konferansen vart halden på Fylkesarkivet i Kaupanger 28.-29. april, med Samarbeidsnemnda for namnegransking som formell arrangør.



Ein forenkla modell av korleis ein kan tenkja seg oppbygginga av ein «norsk stadnamnbase».

På konferansen vart ulike sider ved oppretting og drift av eit maskinelt stadnamnarkiv på nytt drøfte. Det vart særleg lagt vekt på dei faglege krava til registreringsskjemaet, og til kva einskilddata (feltbaserte data) som bør leggjast inn i ein stadnamnbase. Med bakgrunn i røynslene frå Sogn og Fjordane-prosjektet vart det gjort framlegg om å innføra eit klassifikasjonssystem for lokalitetstype og kulturfunksjon ved hjelp av ein nærare definert nøkkel. Når det galdt lydskrifta, var det semje om å byggja på ein fonemisk lydskriftstandard som *Helge Sandøy* fyrste gongen la fram på den 4. nasjonale konferansen i namnegransking i Oslo i november 1985, og som har vorte vidare utbygd seinare.

Eit utval (*Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker* (formann), *Oddvar Nes, Tom Schmidt*) fekk i oppdrag å arbeida vidare med dei tilrådingane som kom fram på konferansen i Kaupanger med sikte på å leggja fram eit forslag til eit nasjonalt skjema for dataregistrering av stadnamn. Forslaget skulle leggjast fram for Samarbeidsnemnda for namnegransking hausten 1986.

Venteleg vil det nasjonale fagmiljøet kunna samla seg om eit registreringsskjema som er fleksibelt nok til at alle ynskjelege opplysningar kan få rom, samstundes som det er eit brukande grunnlag for å byggja opp ein nasjonal stadnamnbase. Dette siste spørsmålet skulle òg utvalet ta opp, men her vart det ikkje sett nokon tidsfrist. Sjølv om det sannsynlegvis ikkje er nokon datatekniske vanskar med å realisera ein slik namnebase, vil det vera ei rekkje spørsmål som må avklarast, både når det gjeld praktisk gjennomføring, økonomi, maskin- og programvare og ikkje minst lokalisering av «delbasar» og former for tilknyting. Med omsyn til maskinell koordinatfesting har ein alt hausta gode røynsler ved bruk av digitaliseringsborda til kartetatane.

Sidan ein namnebase med tida skal innehalda millionar av postar (namn) som det kan vera aktuelt å søkja gjennom for visse føremål, seier det seg sjølv at det må liggja ei nøye planlegging til grunn for oppbygginga av basen. Her vil det vera rimeleg å dra nytte av dei røynslene som er gjorde m.a. ved Prosjekt for datamaskinell språkbehandling i Bergen. I alle fall er det langt fram, og det er vel ingen i dag som kan seia når ein norsk stadnamnbase kan realiserast som eit ferdig produkt.

Sentralt offentleg stadnamnregister

Initiativet til ein norsk stadnamnbase har lege i fagmiljøa, og det er fyrst og fremst dei vitskaplege behova som skal dekkjast gjennom ein slik base. Men samstundes får ei slik materialsamling store praktiske verknader for namnebruken på kart og andre felt og elles som eit allmennkulturelt skattekammer.

Men også det offentlege har bruk for eit sentralt ført stadnamnregister som omfattar alle namn i offentleg bruk. Noko slikt register ligg enno

ikkje føre, bortsett frå ein 30 år gamal katalog over namn på den gamle hovudkartserien (M711) frå NGO. NGO er no i ferd med å fullføra nyutgjevinga av kartserien og har teke til å dataregistrera stadnamna på desse karta. Etter som det gjeld namneformer som er godkjende av statens namnekonsulentar, vil eit slikt register vera å sjå på som offisielt. Det treng berre endrast i den mon nye offisielle skrivemåtar vert innførte ved seinare kartutgåver.

I innstillinga frå Stadnamnutvalet om nye reglar for skrivemåten av stadnamn (NOU 1983:6) vert det gjort framlegg om eit slikt sentralt stadnamnregister der alle nye, offentleg godkjende, skrivemåtar skal registrerast. Når dette registeret vert kombinert med namneregisteret over offentlege kartnamn, vil samfunnet ha fått ein svært nyttig reiskap til å halda seg ajour med dei namna som til ei kvar tid kan reknast som offisielle.

Botolv Helleland
Oslo

Denne artikkelen har tidlegare stått i humanistiske data 3-86

Utsikter for "Norsk stadnamnbase"?



data-virus kan plantes i programmer som senere fører til kaos...

KOPPSKATTEN 1645

Litt om namn og namneformer

Det har vori ei gledeleg interesse for personnamn i fagmiljøet vårt dei siste 10-15 åra, og fruktene av dette har falli tett i form av hovudoppgåvor, tidsskriftartiklar og jamvel nokre bøker. Samtidig er det lagt mykje arbeid i edb-føring av større materialsamlingar som folketeljinga 1801. Vi tek etter kvart til å kjenne dei grove linor i norsk namneskikk etter ca. 1700. For mellomalderen har vi E. H. Linds gamle, gode verk som er registratur og leksikon i eitt. Dei er i seinare år supplerte av m.a. Egil Pettersen: Personnavn i Vest-Norge 1450-1550 (1981).

Men tida 1550-1700 er framleis forsømt. Straks ein blader litt i Norsk personnamnleksikon (1982), ser ein at det ikkje berre er skrale stell jamt over, men at det i tillegg er mesta blankt for kvinnenamna sin del. Mishøvet mellom kjønna skriv seg beinveges frå dei aktuelle kjeldone, som etter sitt føremål oftast namngjev berre husbonden/mannen som hovudperson i samanhengen. Manntala frå 1660-åra har eit sant mylder av mannsnamn, men dessverre ikkje kvinnenamn.

Det finst likevel (minst) éi kjelde som kan rette opp noko av det skakke og mangelfulle: listone over koppskatten 1645. Denne skatten var ein personskatt som vart pålagd menn, kvinnor og større born. Originalane er berga for dei fleste delane av landet, og dei ligg no i Riksarkivet i Oslo (sjå Lensrekneskapar I-II, 1981-1982). Eg vil her seie litt om korleis listone for Trøndelag og Jämtland-Härjedalen er skipa og kva dei inneheld. Resten av landet har eg ikkje gått igjennom.

Listone er inndelte etter futedøme og prestegjeld og/eller tinglag. Dei skattpliktige dannar i hovudsak tre gruppor som følgjer kvarandre i kolonne under den einskilde garden slik: 1)husbond og kone 2)søner og døtrer 3)drenger og tenestjentor, evt. òg andre med lausare tilknyting til husstanden. Heile skipnaden vitnar om

byråkratisk talent - til plage for samtida, men til vinning for oss. Skrifta er godt leseleg for det meste, men nokre overstrykingar skjemmer ein del og gjer somstad namna uskjønelege.

I futedøma Fosen og Inderøy og i heile Jämtland står alle gruppone av menn og kvinnor med namn. I futedøma Namdal, Strinda, Orkdal og Gauldal er alle så nær som kona i huset namngjevne; ho blir der nemnd "hans Quinde" e.l. I Stjørdal og Härjedalen er einast namnet på husbonden medteki.

Trass i desse veilone får vi namnet på ca. 11.150 menn og ca. 8.650 kvinnor i Trøndelag, og ca. 3.200 menn og 4.300 kvinnor i Jämtland-Härjedalen. Så vidt eg veit, finst det ikkje maken til dette materialet føre 1700, iallfall ikkje for Trøndelag. Det er først når kyrkjebøkene kjem i vanleg bruk at vi møter kvinnenamn i like stor mengd. Vi kan òg nemne at Pettersens avhandling omfattar like mange mannsnamn som skattlistone våre, men berre tiandeparten så mange kvinnenamn.

Om vi går ut frå at Trøndelag hadde 1/8 av folketalet i 1645 (det var snaue det i 1801), ville eit tilsvarande materiale for heile landet gje 160.000 namn, av dei 70.000 kvinnenamn. Det verkelege talet i 1645-listone er truleg noko lægre.

Der alle personane er namngjevne, viser det seg eit interessant demografisk mønster. Fosen har tilnærma normal fordeling mellom kjønna, med 10% fleire kvinnor enn menn (2219 mot 2014). Men Inderøy har 30% fleire kvinnor (2277-1739), og Jämtland heile 44% fleire kvinnor (4298-2975). Eg har ikkje rekna nærare på det, men eg har inntrykk av at kvinnone er mest overtalige i gruppa tenestfolk. Ei tilfeldig side frå tinglaget Sunne i Jämtland nemner såleis 5 drenger og 17 tenestjentor. Det torer vera både kjeldetekniske og reale årsaker til den skeive fordelinga, men problemet er for innfløkt til at det kan takast opp her.

Av dei problem listone elles byd på, må vi først nemne at det for Orkdal og Gauldal ikkje er påskrivi kva personkategoriar dei namna gjeld som følgjer etter namnet på husbonden. Tvikjønna namneformer som "Brønild" (for

Brynjulv eller Brynhild) og "Thoere" (for Tord/Tore eller Tora) lyt vi difor sjå bort frå. I Gauldal har eg notert "Brønild" 17 g. i uviss samanheng, og alt i alt kan det vera ein 40-50 slike heimløysor.

Ein annan vanske steller lesemåten av namn som inneheld m, n, e, i og/eller u i ubroten rekkje, t.d. i para Amund-Anund og Heming-Henning. Går vi etter talet på stavar mellom A og d og mellom H og g, lyt vi lesa snart det eine, snart det andre namnet i kvart paret. Andre kjeldor - medrekna munnleg tradisjon - lærer oss at namnebiletet i røynda hadde greiare linor enn dette. Såleis har t.d. Amund dominert fullstendig over Anund i Trøndelag dei seinare hundreåra. På same måten viser ein kontroll av 1645 mot matrikkelen 1647 at Tord og Tore ikkje kan skipast mekanisk etter skriftformene.

Namna er sjølvsagt skrivne på dansk, også i Jämtland-Härjedalen ("Jens" for "Jøns" osb.), men av og til bryt talemålet gjennom. Såleis må stavemåten "Stoel(l)" i Inderøy-lista stå for apokopert form /stå:l/ av norr. Stáli. Likeins finst det rett ofte former som "Eli", "Kari" og "Kiersti" med utlydande vokal etter målføret i staden for "-en" etter skriftspråket. Innslaget av talemål er verdt å anse sjølv om det er magert.

Ein fell til tider i undring over det geografiske mønsteret som namna teiknar. Både Guru og Guri når høgt på statistikken for Trøndelag, men dei har kvar sitt vald: Guru finst berre å seie i Inderøy futedøme, Guri overalt elles, men ikkje der. Skiljet er så skarpt at det helst må botne i skrivarlune og ikkje i realitetar. Iallfall viser namna ei meir blanda fordeling på 1700-talet. Austom grensa er ingen av desse namna i vidare bruk. Det er òg påfallande at namn som Ann-, Berg-, Hall- og Havdor og Engebrekt og Rasmus går til grensa mot Jämtland, men ikkje lenger anna enn i reine unntakstilfelle. Nokre av dei har jamvel sitt beste område i dei austlege futedøma Inderøy og Stjørdal. Den grensa som vart riksgrense i 1645, ser med andre ord ut til å ha vori namnegrense i somme stykke lenge før den tid.

Materialet legg alner til livslengda åt ei handfull namn. To mannsnamn til døme: Bergljot lever på Inderøya

enno i 1645. Oppslagsbøkene fortel berre at det fanst i Trøndelag i mellomalderen. Randmod (kanskje opphavleg *Ragn-, jf. gty. Ragnemod) løyner seg i patronymikonet "Randmoedater" i lista for Hitra. Namnet har vori haldi for ei nylaging frå 1800-talet (jf. Norsk personnamnleksikon s.187 under -mod). Når det no kan sporast attende til 1600-talet, har vi òg grunn til å tru at det fanst i mellomalderen, sidan det neppe kom opp nye namn av heimleg rot i den tidbolken som skattlista dekkjer. Elles kan det ha komi i det dulde frå tysk.

Dette var nokre gløtt inn i ei kjelde som etter mi meining bør nyttast meir enn hittil i namnegranskinga. Det er mykje nytt om namn i gamle gøymor òg. Vi må lære av historikarane, som jamt har henta opplysningar or desse listone. Materialet utgjer ein verdfull bindelekk mellom 1550 og 1700. Det er rikt nok til å gje sætande kunnskap om namnebruk hjå kvinnor og menn både kronologisk og geografisk. For det geografiske utsynet vil futedømet vera ei hendig eining, men skipnaden gjer det òg lett å arbeide på lægre nivå. Ein kan naturlegvis ikkje vente sensasjonar blant toppnamna i 1645, men i skogen av sjeldnare namn er det mang ei forvitneleg vede å føre til gards, så mykje torer eg seie ut frå røynslone med tilfanget frå Trøndelag og Jämtland-Härjedalen.

Kristoffer Kruken
Oslo

DATAREGISTER FOR GRUNNORD OG STADNAMN FRÅ HOVUDOPPGÅVER OG TRYKTE STADNAMNMONOGRAFIAR

Ved Institutt for namnegransking (IN) er vi no i gang med å skrive inn register frå hovudoppgåver og trykte monografiar på EDB. Tanken er å få til eit samleregister for grunnord og stadnamn frå hovudoppgåver og trykte stadnamnverk for heile landet.

Registreringa kom i gang i 1984-1985 som ledd i eit dataopplæringsprosjekt ved Personalavdelinga på Blindern. Sjølve innskrivinga av størstedelen av materialet er gjort ved Personalavdelinga, men tilrettelegginga - utval av oppgåver og kopiering av det aktuelle namnematerialet, er utført ved IN.

Registertilfanget er anten skrive inn på stormaskin (Dec 10) ved hjelp av EDB-programmet FELTED eller på småmaskin ved Mikro FELTED-programmet. Størsteparten av det tilfanget som er innskrive til no, er lagra på magnetband, resten av det tilfanget som er skrive inn på småmaskin, er lagra på diskettar.

Registreringa gjeld førebels dei hovudoppgåvene/monografiane som har temaet reine stadnamn og grunnorda i dette tilfanget.

Namnematerialet vert skrive inn på EDB etter eit registreringsskjema som inneheld desse opplysningane:

Forfattar	- Namn på forfattaren
Tittel	- Tittel på oppgåva
Fylke/Kommune/Sokn	- Området der namna er innsamla
Universitet	- Det universitetet oppgåva er innlevert ved
Type	- Hovudoppgåve eller trykt stadnamnverk
Sidetal	- Kva side(r) namnet, ordet er behandla på

I dei oppgåvene som har med ikkje-norske namn, t.d. samiske eller finske grunnord/stadnamn, vert det lagt inn ei ekstra opplysning om språkområde.

Arbeidet med tilrettelegging og innskriving vert lett eller vanskeleg alt etter kva slag registerformer oppgåvene har. Grunnorda vert skrivne inn med liten førebokstav. Grunnorda kan vere

- oppsette i eige grunnordregister (gjeld ein del nyare oppgåver)
- inkluderte i sjølve namneregisteret (gjeld få oppgåver)
- behandla i eige grunnordkapittel (gjeld dei fleste oppgåvene). Her må ein ekserpere direkte frå oppgåva.

Ein skriv inn grunnord og stadnamn kvar for seg på ulike filer. Unntak her er dei få oppgåvene der grunnorda er med i sjølve namneregisteret. Her vert grunnord og stadnamn registrerte på ei og same fil.

Dei fleste oppgåvene har alfabetisk namneregister, og her kan ein skrive tilfanget direkte inn. Men ein del eldre hovudoppgåver frå 1930-40-åra har ikkje namneregister, eller oppgåvene kan ha register, men tilvisinga gjeld t.d. nummer på kartblad og ikkje side i oppgåva. I slike tilfelle må namna ekserperast, og ein må lage alfabetisk register på grunnlag av det ekserperte, innskrivne tilfanget.

Mot slutten av 1985 kunne ein presentere eit førebels resultat på ca. 100.000 EDB-registrerte oppslag frå 82 hovudoppgåver og 35 trykte monografiar.

Når det gjeld EDB-registreringa på Blindern, har arbeidskapasiteten minka etter kvart. IN har difor i det siste overteke størstedelen av dette arbeidet. Ved IN blir namna skrivne inn på småmaskin.

Status pr. 30. juli d.å. viser at det er skrive inn eit registertilfang frå 132 hovudoppgåver og 35 monografiar, til saman mellom 130- og 140.000 oppslag.

Det står att å registrere ein del trykte monografiar og eldre hovudoppgåver, eit arbeid som krev ekstra tid og dertil fagleg innsikt t.d. med ekserperinga.

Når det gjeld vidare planar for dette registertilfanget, er tanken at det bør gjerast tilgjengeleg for folk utanfor instituttet som ynskjer å bruke det. Ein kan t.d. tenkje seg å få oppretta ein database som vert tilgjengeleg over UNINET. Men det er enno uvisst korleis ein skal gå fram med den praktiske utføringa av dette arbeidet.

Gunhild Birkeland
Oslo

EIVIND VÅGSLID

Den 21. august 1986 døydde Eivind Vågslid, nær 89 år gamal. Med han er ein av dei merkelegaste filologane i seinare tid borte.

Han vart fødd på Vågslid i Vest-Telemark som den eldste av 11 sysken. I staden for å verta fjellbonde gav han seg i kast med filologien, og i 1927 vart han cand.philol. med ei hovudoppgåve om døypenamn, utgjeven i 1930 med tittelen Norsk navnebok. Døypenovn med tydingar. Den fyrste boka hans var elles Norske logmannsbrev frå millomalderen, eit arbeid som han i 1926 fekk Universitetets gullmedalje for.

Etter ei tid som granskingsstipendiat arbeidde han i 1933-34 som lektor ved Rogaland landsgymnas. I 1934 vart han tilsett som lektor ved Eidsvoll off. landsgymnas. Her underviste han mestedelen av tida fram til han gjekk av med pensjon i 1961. I mellomtida hadde han i kortare bolkar førelese i målsoge ved Universitetet i Oslo og hatt granskingsstipend frå Noregs allmennvitskaplege forskingsråd.

Alt i studietida fekk han ei sterk interesse for norsk målvitskap. Både under lærargjerninga og seinare som vitskapleg frikar har han teke for seg ymse sider av dette emnet. Innsatsen hans kan delast på to hovudgreiner. Det eine gjeld studiet av eldre norsk mål, særleg skrivartradisjon i mellomalderbrev. Ved sida av arbeidet ovanfor må nemnast Vestfoldmål 1366-99 i 30 brev av bisp Øystein Aslakson i Oslo, utgjeve 1969, og Norske skrivarar i millomalderen, det siste eit verk på eit halvt tusen sider som no er under utgjeving.

Den andre og største hovudgreina i granskinga hans gjeld namnevitskap, og det er vel her han har vorte mest kjend for folk flest. Her òg har han ein stor produksjon attom seg, mest omfangsrik er den store rekkja av bøker, i alt fem, om Stadnamntydingar, utgjevne til dels med offentleg tilskot, til dels på eigen kostnad.

Arbeidet med førenamn har oppteke han både vitskapleg og praktisk. I oppslagsboka Norsk namnesed (1932) går han inn for at borna bør døypast med norske namn, og han går

mot den nyare skikken med å gje dobbeltnamn. Det siste større vitskaplege arbeidet med personnamn frå hans hand er Norderlendske fyrenamn, ei samanlikning av germanske namn i eldre nordiske kjelder. Oddvar Nes har skrive eit fyldig etterord i dette verket og sett opp eit bibliografisk oversyn over produksjonen hans.

Eit arbeid som er mindre kjent, men som vitskapleg har stor interesse, er ei samling på om lag 15.000 stadnamn frå Vinje og Rauland. Tilfanget inneheld mange tolkingsframlegg, og Vågslid hadde vel tenkt å laga ei større lokal namnebok av det.

Vågslid ikkje berre granska norsk mål, han hadde òg stor sut for at det vart nytta i samsvar med den heimlege språkarven. I Norsk måltidende som han redigerte 3 årgangar av (1936-38), fekk han målbore mange av meiningane sine på dette feltet.

Som vitskapsmann har Vågslid vore omstridd. På den eine sida har han vist fantasi og vilje til å gå nye vegar, på den andre sida har det i det etablerte fagmiljøet vore hevda at han ikkje alltid har underbygd tolkingane sine godt nok. M.a. har han meint at det ikkje finst spor etter norrøne gudenamn i norske stadnamn. Få vil gå så langt i dag, men det er heller ikkje tvil om at han ved å pirka på etablerte sanningar har fått andre fagfolk til å prøva sine eigne oppfatningar på nytt.

Sjølv om Eivind Vågslid òg har møtt fagleg motbør, vil alle vera samde i at det er ein stor målgranskar som har teke farvel. Det kan her høva å ta med at då den fyrste styraren for Norsk stadnamnarkiv, Gustav Indrebø, flytte til Bergen i 1930, nemnde han Vågslid som ein av kandidatane til å overta leiinga av arkivet.

Eivind Vågslid fekk Kongens fortenestemedalje i gull i 1985.

Botolv Helleland
Oslo

NORDERLENDSKE FYRENAMN

Norderlendske fyrenamn av Eivind Vågslid kjem ut i haust på eige forlag (Eidsvoll). Oddvar Nes har skrive eit etterord og stilt saman ein bibliografi over dei vitskaplege arbeida til forfattaren. Boka er på nærare 800 sider og kostar 250 kroner. Tinging kan sendast til Arnlaug Skjæveland, 5400 Stord.

KONKURRANSE
(For dei yngste av lesarane våre)

Set namn på desse kjende teikneseriefigurane. Fyrst uttrekt rett svar får bokpremie.

EIN STADNAMNSAMLAR BORTE

Let etter seg ei av dei største stadnamnsamlingane i landet

I sommar døydde pensjonert lærar Ragnvald Guddal, frå Guddalen i Kvinnherad, 87 år gamal. Med han er ein av dei største kulturarbeidarane i Hordaland borte.

Etter ei livslang lærargjerning der han ikkje minst hadde lagt vinn på å undervisa skuleborna i det nedervde norske målet, tok han i veg med målføre- og stadnamnarbeid. I skriftet Målet i Kvinnherad. Som det hev lydt i det tjugande hundradáret (Kvinnherad kommune 1975) har han gjeve eit fyldig og lettfatteleg oversyn over lyd- og bøyingsverk, "skrivi av og for det jamne laget i folket, utan filologisk serutdaning, men med interessa for heimemålet".

Den største innsatsen hans er likevel den store stadnamninnsamlinga frå Kvinnherad. Gjennom ein tiårsbolk samla han inn stadnamn frå dei fleste gardane i kommunen, til saman over 20.000 namn. Sjølv om han hadde fått god hjelp av over hundre informantar, var det Ragnvald Guddal sjølv som førte tilsyn med at arbeidet var gjort på rett måte.

Namna vart skrivne opp på lister i målføreform, oftast òg med opplysningar om staden, og dessutan med tilvising til Økonomisk kartverk, slik at ein seinare kunne finna att den namngjevne staden. Frå garden Guddal samla han heile 420 namn. Desse førte han opp med bakgrunnsopplysningar og tydingar på eige stensilert manuskript.

Guddal gjekk òg gjennom skulebarnsoppskriftene frå 1930-40-åra (no ved Nordisk institutt i Bergen) og fekk identifisert ein stor del av dei namna som fanst der, men som ikkje hadde kome med i den fyrste innsamlinga. Med dette utgjer samlinga innpå 30.000 namn og må reknast som den største kommunesamlinga i landet.

Heile dette tilfanget vart overlevert til kommunen for nokre år sidan. På det tidspunktet kom det òg i stand eit samarbeid med Institutt for namnegransking i Oslo og

Nordisk institutt i Bergen, som båe var interesserte i å få namnesamlinga inn i sine arkiv. Desse institusjonane har også gjeve rettleiing om korleis uttale og preposisjonsbruk skulle registrerast på lydband.

Kulturkontoret i Kvinnherad, som tidleg var klar over verdien av denne stadnamnsamlinga, sette så Jon Røyrane til å reinskriva namnelistene og karta i samlinga til Guddal. Dette arbeidet vart fullført no siste året. Røyrane har òg stått for den praktiske kontakten med universiteta. I tillegg har han fullført innsamlinga på Varaldsøyna, her i samarbeid med Helge S. Skjelnes.

Ved Institutt for namnegransking vert det no arbeidd med å skriva ut lydskrift av namna på grunnlag av lydbandopptak. Lektor Tor Ølver Helland har vore engasjert av instituttet til å stå for dette arbeidet.

Den vidare planen er å leggja namnesamlinga til rette for dataregistrering. Det vil skje i samarbeid mellom Nordisk institutt i Bergen, Institutt for namnegransking og Kvinnherad kommune. Her vil det vera aktuelt å nytta det opplegget som Samarbeidsnemnda for namnegransking har gått inn for. Men ein må rekna med at det vil vera ei langdryg oppgåve å dataregistrera dette store materialet.

For Kvinnherad kommune og for dei vitskaplege institusjonane er stadnamnsamlinga etter Ragnvald Guddal av uvurderleg verdi. Her ligg eit rikt tilfang til auka innsikt i lokalhistorie, namnsetjing og målføre. Mange av dei informantane Guddal har nytta, er no borte. I dag ville truleg ein god slump av dei namna som har kome med i samlinga, vore borte for di ingen lenger kjende til dei.

Botolv Helleland

TOPPSTILLINGAR I NAMNEGRANSKING

Professorat ved Institutt for namnegransking

Professoratet (tidl. dosenturet) ved Institutt for namnegransking har stått ledig sidan Per Hovda gjekk av for aldersgrensa i 1979, men stillingsheimelen har i mellomtida vore nytta til utdanningsstipend og vikariat. Det ligg no føre innstilling, og saka blir venteleg avgjord så tidleg at den nye professoren kan ta til frå årsskiftet.

Toppstilling i namnegransking i Tromsø?

Institutt for språk og litteratur ved Universitetet i Tromsø gjorde 10. juni 1987 vedtak om å setja ei toppstilling i nordnorsk namnegransking som nr. 2 på lista over nye stillingar innan etablerte fagområde, etter ei mellomstilling i litteratur. Ved avrøystinga mangla det berre éi røyst på at toppstillinga i namnegransking kom som nr. 1.

STADNAMN I KYSTKULTUREN

NORNAS fjortande symposium, som hadde emnet "Stadnamn i kystkulturen", vart halde i Volda 4.-6. mai 1987. Det møtte 24 namnegranskarar frå Danmark, Finland, Nederland, Noreg og Sverige. Leiar for symposiet var Peter Hallaråker.

Det var følgjande foredrag: Stefan Brink (Uppsala): Gamla naturnamn längs södra Norrlands kust; Lars-Erik Edlund (Umeå): Att datera gamla kustnamn - några metodiska problem belysta med hjälp av nordsvenskt material; Sigurd Fries (Umeå): Jämförelsesnamn eller vandringsnamn längs

kusterna; Bente Holmberg (København): Atlas over Fyns kyst 0-1500 e.Kr.; Else Britt Lindblom (Gammelstad): Datering av ö-namn med hjälp av landhöjningen. Beskrivning av en metodik; Rob Rentenaar (Amsterdam): Nordiske navne på nederlandske søkort.

Peter Hallaråker og Terje Aarset (båe Volda) orienterte om den store innsamlinga av stadnamn som er i gang i Møre og Romsdal (sjå eigen art. s. 26). Aarset hadde òg laga ei lita utstilling av namnebøker og anna tilfang ved Distriktshøgskulen.

Eine dagen var det utferd til øyane sør for Ålesund. Undervegs gav Oddvar Nes (Bergen) språklege og reale opplysningar til gamle namn langs ruta. Det var dugurdsrast (lunsj) på Herøy gard og museum.

Foredraga med diskusjonsreferat kjem som eige skrift i serien NORNA-rapporter.

Botolv Helleland

NAMN OG ELDRE BUSETNAD

I dagane 9.-12. juni 1988 skipar NORNA til eit symposium på Hamar om "Namn og eldre busetnad". Hamar er vald fordi Mjøsbygdene har ei interessant busettingshistorie som m.a. det nordiske øydegardsprosjektet har kasta lys over. Ei nemnd med representantar frå Historisk institutt ved Univ. i Trondheim (Jørn Sandnes) og frå Oldsaksamlinga (Bjørn Myhre) og Institutt for namnegransking ved Univ. i Oslo (Botolv Helleland, Tom Schmidt) står føre planlegginga i samråd med NORNA-komiteen.

Symposiet blir etter måten avgrensa tematisk, men opnare i tid. Hovudvekta skal liggje meir på drøfting av metodiske problem enn på framlegging av resultat, m.a. for å fremje tverrfagleg samarbeid. Foredraga bør særleg ta opp spørsmål knytte til gardsgrenser, garddeling og nedlegging av gardar i eldre tid, og drøfte korleis desse fenomena syner att i namnetilfanget. Det blir òg høve til

å førehandsmelde stuttare innlegg (10 min.). Emnet gjer det naturleg med ein ekskursjon i det nære landskapet kring Hamar.

Det blir sendt ut innbyding i haust, med frist for endeleg påmelding i januar 1988. Førebels er det ikkje avklart kor mange som kan vera med.

Kristoffer Kruken

KONKURRANSE

Denne teikninga førestiller medlemmene i Sørbygda namnekomité som er i ferd med å setja namn på nye vegar og byggjefelt. Alle har eigne meiningar om saka, noko som kjem til uttrykk i diskusjonen. Ordstyraren tenkjer i sitt stille sinn at her kunne ein lett finna oppnamn som høvde med dei ulike typane, her er både Kverulanten, Opportunisten og Tradisjonalisten.

Redaksjonen overlet til lesarane å finna karakteristiske namn eller nemne på dei 9 rundt bordet. Beste svar vert premiert med bok.



RELIGIONSMØTE OG KULTISKE STADNAMN

Den 19.-21. august i år arrangerer Donnerska institutet för religionshistorisk och kulturhistorisk forskning i Åbo eit tverrvitskapleg symposium om "Religionsmöten i nordisk forntid och kultiska ortnamn".

Stadnamn som vitnemål om gammal tru og kult var eit felt som eldre generasjonar av namnegranskarar arbeidde mykje med; m.a. J. Steenstrup, Elias Wessén og framfor alt Magnus Olsen drog i fleire artiklar og bøker fram namn på ei rekkje store og sentrale gardar og tolka dei som minne om heiden gudedyrking. Dei fann ikkje berre dei gudenamna vi kjenner frå Edda-diktinga, t.d. Odin, Tor, Frøy, Njård og Ull, men også mindre kjende eller ukjende namn som *Ullinn og *Fillinn. Olsen fekk òg plass til gardsnamn med skeid, helg(e), ve, hov, horg, elg o.fl. i dette systemet.

Ei tid vart teoriane godtekne, men dei siste 30-40 åra har det rådd mykje skepsis mot dei. Reaksjonen kom for alvor med Jöran Sahlgrens store artikkel i Namn och Bygd 38 (1950): "Hednisk gudalära och nordiska ortnamn", der han - slik han ordla seg - la vinn på å syna at alle hjørnestavane i byggverket til Olsen og Wessén var rotne og stod til nedfalls. Framfor alt var det freistnaden på å syna at elg, leik og skeid vitna om gudedyrking, Sahlgren der kritiserte.

I Noreg vart Eivind Vågslid den mest kjende - om enn noko einsynte - kritikaren av Olsen og dei andre som meinte å finna spor etter gudar og gudedyrking i stadnamn. Men sjølv om fagmiljøet mest utan unntak avviste Vågslids alternative tolkingar, vart svært lite skrivi til forsvar for kultnamna. Og lite har vori gjort med tilhøvet mellom religionshistoria og namnegranskinga før no.

Til symposiet i Åbo er det påmeldt 14 nordiske namnegranskarar. Ei handfull av føredragstitlane gjev vonleg eit inntrykk av det skiftande synet på kultnamna: "Några 'återupprättade' kultiska ortnamn" - "Striden om de teofora ortnamnen. Olsen - Wessén - von Sydow - Sahlgren" - "Synet på sakrale stednavne. En forskningshistorisk

oversigt" - "Ortnamn som religionshistoriskt källmaterial".

Norske namnegranskarar er diverre ikkje representerte med innlegg, men Ottar Grønvik skal ha føredrag om Tanumsteinen som eit "religionshistorisk dokument", Else Mundal om "det bilde ulike kildetyper gir av de enkelte guders og gudinners posisjon...", og Gro Steinsland om "Møtet mellom hedendom og kristendom manifestert i litteraturen: Skírnismál og Genesis...".

Symposiet vil nok føra til ny gransking av moglege kultnamn og til diskusjon om kva verdi namnegranskinga har for kunnskapen om den førkristne religionen.

Tom Schmidt
Oslo

Jeg turde måske anmode mine kære tilhørere om at vente med at afbryde mig, til jeg er færdig med mit foredrag.

KONFERANSERAPPORT

Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon Slik ser innhaldslista ut:

Føreord 4

Botolv Helleland: Nokre synspunkt på attgjeving av lydskrift i stadnamn 5

Andreas Bjørkum: Prinsipp og praksis for attgjeving av målføretilfang ved Norsk målførearkiv 10

Arnold Dalen: Problem ved transkribering av trøndersk namnemateriale i målføreform 13

Kaisa Rautio og Aud-Kirsti Pedersen: Lydskrift ved databehandling av stadnamnmateriale 19

Diskusjon 27

Arne Kjell Foldvik: Norvegia eller IPA-alfabetet som framtidig fonetisk notasjonssystem 31

Helge Sandøy: Lydskriftstandard til stadnamnregistrering ... 34

Oddvar Nes: Jamføring av Storms lydskrift og IPA's lydskrift 57

Diskusjon 75

Håvard Hjulstad: Datamaskinelle problem ved attgjeving av lydskrift 81

Ivar Utne: Stedsnavn og kunstig tale 86

Diskusjon 89

Rolf Fladby: Dialekt i lokalhistoriske arbeider 91

Kristian Strømshaug: Kvifor målføre i lokalhistoriske framstellingar 96

Jon Haarberg: Lydskrift sett fra forlagsstolen 108

Diskusjon 112

Joleik Øverby: "Lydskriftstandard til stadnamnregistrering" - Kommentar til framlegget frå Helge Sandøy 115

Helge Sandøy: Om ein lydskriftstandard (Svar på merknadene frå Joleik Øverby) 145

Joleik Øverby: Meir om lydskriftstandarden (Svar på svaret frå Helge Sandøy) 164

Helge Sandøy: Sluttmerknad 191

Deltakarliste..... 192

Deltakarane får rapporten tilsend. Andre kan tinge han til 60 kroner frå Institutt for namnegransking, Postboks 1011 Blindern, 0315 OSLO 3.

NAMNEGRANSKING I NOREG
OVERSYN OVER INDIVIDUELLE FORSKINGSPROSJEKT

Nordisk samarbeidsnemnd for namnegransking (NORNA) gjev med visse mellomrom ut ein publikasjon som heiter Nordisk namneforskarregister. Denne publikasjonen gjev oversyn over kven som driv med kva av namnegransking i dei nordiske landa. Den neste utgåva av dette oversynet kjem ut i 1987-88 og vert redigert av amanuensis Tom Schmidt, no sekretær i NORNA. Med løyve av redaktøren og NORNA-forlaget gjev Nytt om namn her att dei viktigaste opplysningane som gjeld aktive norske namnegranskarar.

Gunnstein Akselberg, Bergen:
- Kommunal namnegjeving. Om kommunal veg- og gatenamngjeving
- Namneleksikon for Voss

Gulbrand Alhaug, Tromsø:
- Namn brukt på både menn og kvinner ("tvekjønna" namn)
- Fornamn i Nord-Noreg i perioden 1800-1980

Gunhild Birkeland, Oslo:
- Stadnamn frå Telemark

Lars Ekre, Oslo:
- Stadnamn og målføre i (Nord-)Gudbrandsdalen

Kåre Elstad, Tromsø:
- Øy-, fjord- og elvenamn i Nord-Noreg i busettingshistorisk lys
- Personnamn blant nordmenn i Nord-Noreg før reformasjonen

Thor Frette, Oslo:
- Revisjon av det samiske navnematerialet på Norges Geogr. Oppmålings karter fra Nord-Norge (1:50.000)
- Forholdet mellom norske og samiske stedsnavn innenfor nordsamisktalende område

Nils Hallan, Trondheim:
- Gardsnamn på -heim i Nord-Skandinavia

Peter Hallaråker, Volda:
- Innsamling og arkivering av stadnamn i Møre og Romsdal

Margit Bjørg Harsson, Oslo:
- Norske bustadnamn. Om rud-namn som kulturhistorisk kjelde

Botolv Helleland, Oslo:
- Stadnamn i Hardanger
- Tilnamn i Hardanger
- Stadnamn i offentleg bruk

Kåre Hoel, Oslo:
- Revisjon av O.Rygh, Norske Gaardnavne, Østfold fylke Første bind: Trøgstad, Askim, Spydeberg, Skiptvet

Per Hovda, Oslo:
- Norske fjellnamn
- Norske øynamn

Kristoffer Kruken, Oslo:
- Personnamn i Noreg (med Jämtland og Härjedalen) 1550-1650
- Stadnamn i Leksvik

Arne Kruse, Volda:
- Innsamling og arkivering av stadnamn i Møre og Romsdal

Alv G. Nordal Muri, Oslo:
- Gransking av den lingvistiske strukturen i norske stadnamn

Finn Myrvang, Bø i Vesterålen:
- Gaupfoten og Vargfoten
- Øynamn på Ǫmd - Amd
- Forprosjekt for innsamling av stadnamn i Vesterålen og Lofoten (1986-1987)

Oddvar Nes, Bergen:
- Norsk etymologisk ordbok
- Dei norske namna med suffikset -st(r)
- Norske naturnamn, særleg fjordnamn og elvenamn

Tom Schmidt, Oslo:
- Norske gårdsnavn på -bø/-by

Johan Anthon Schultze, Oslo:
- Målføret med stadnamn i Bø i Telemark
- Eit eldre jamningstilhøve i vest-vikversk II

Ola Stemshaug, Trondheim:
- Norske innbyggjarnemningar

Anne Svanevik, Oslo:
- Personnavn i Stavanger etter 1950. En undersøkelse av fremmed påvirkning på navnebruk og navneskikker
- Hva skjer med norsk navneskikk etter de siste endringene i Norges lov om personnavn?

Inge Særheim, Stavanger:
- Stadnamnleksikon for Rogaland
- Registrering, gransking og publisering av namn frå Rogaland

Eira Søderholm, Tromsø:
- Topografiske appellativer i finske dialekter i Nord-Norge og Nord-Sverige
- Flerspråklige stedsnavnsystemer på Nordkalotten, med vekt på finske stedsnavn

Kjell Venås, Oslo:
- Innsjønamn i Hedmark

Terje Aarset, Volda:
- Personnamn på Nor- i nordisk
- Eit ukjent namnebokmanuskript etter Torleiv Hannaas

ADRESSER OG STADNAMN

Del 1: Handbok i kommunal adressetildeling

Med denne boka som er utgitt av Statens kartverk (tidligere NGO), Miljøverndepartementet og Norske Kommuners Sentralforbund er et etterlengtet hjelpemiddel for dem som driver med adressetildeling i kommunene kommet.

Håndboka del 1 er delt inn i 10 kapitler. Kapittel 1 er litt generell bakgrunn, mens de andre kapitlene i tur og orden tar for seg hjemmelsgrunnlaget, organisering av adressearkivet, adressetildeling, valg av adressenavn, adresseskilt, adresseregisteret/ meldingstjenestene, kart, arkiv og arkivarbeid og til slutt endring av offisiell adresse.

For dem som driver med adressetildeling i kommunene vil denne boka være til stor hjelp.

For kommuner som enda er i startfasen vil bl.a. kap. 3 og 4 være svært nyttige. Her er det mange gode tips om hvordan man skal organisere adressearkivet og hvilke prinsipp som kan følges for adresseplanlegginga.

For spesielt interesserte vil jeg også peke på kap. 5, som omhandler valg av adressenavn. Kap. 6, som omhandler skilting, bør også være interessant å lese for mange. Tildeling av adresser har lite for seg dersom ikke skiltingen følges opp. I denne forbindelse inneholder kap. 2 eksempel på utfyllende regler for bl.a. skilting. Eksemplet er her Kongsvinger. Av egen erfaring vil jeg advare mot for detaljerte regler på dette området. Det må være viktigst at adressatene setter opp de nødvendige skilt, ikke hvordan disse ser ut.

Kap. 7:"Adresseregisteret/Meldingstenestene" tør allerede være kjent for de fleste kommuner som rapporterer til GAB, men det hører absolutt hjemme i denne håndboka.

Kap. 8, som omhandler forskjellige typer adressekart, rører nok ved mange kommuners dårlige samvittighet. Bør leses av dem som strever med å overvinne "dørstokk-mila".

Arkivering er en viktig del av arbeidet, og kap. 9 omhandler det som er av betydning her.

Kap. 10 omhandler et problem som alle før eller senere vil bli berørt av, nemlig endring av offisiell adresse. Også dette problemet er det viktig å få tips om hvordan det skal løses.

Adresser og stadnamn, Del 1 vil være et viktig hjelpemiddel for dem som sysler med tildeling av offisiell adresse rundt om i kommunene. Den bør forefinnes både i teknisk etat og hos de enkelte navneutvalg. Det blir spennende å se Del 2: Stadnamn og namnsetjing.

Paal Jørgensen
Lillehammer

Stadnamn og kulturarv

Kåre Hoel: Studier over bustadnavn fra Østfold. Skrifter frå Institutt for namnegransking. Nr. 4. Universitetsforlaget 1985. 283 s. Ill.

Kåre Hoels bok er ei artikkelsamling som hovudsakleg tek for seg gardsnamn. Det er i alt 36 artiklar i samlinga, men langt fleire namn blir dregne inn og til dels grundig drøfta. Dei fleste er frå Østfold og det tilgrensande området på Austlandet og Bohuslän.

Alle artiklane er gjevne ei vitskapleg form. Det vil mellom anna seie at heile det vitskaplege "apparatet" er nytta, som t.d. terminologi og jamførande språklege døme (først og fremst frå norrønt og skandinaviske dialektar). Dessutan får ein uttaleopplysningar i Norvegia-lydskrift for alle dei namneformene som blir særskilt drøfta, pluss ein god del andre. Til kvar artikkel høyrer det med eit notevedlegg. Til slutt i boka er det ei lang litteraturliste og eit skikkeleg namneregister som gjer det lett å finne fram.

Forfattaren har i mange år arbeidd med ein revisjon av Norske Gaardnavne, bandet for Østfold fylke, og dei artiklane som her blir lagde fram, er i det store og heile nytolkingar og korrigeringar av opplysningar i dette

verket. Slik blir t.d. gnr. 1-2 i Aremark, Bøen, tolka som ei vanleg bunden form av bø m 'gard', i samsvar med dei mange andre bø-namna lengst aust i Østfold - ikkje eit vin-namn som Oluf Rygh trudde. Andre gonger kan Hoel ut frå grundig regional språkleg og topografisk innsikt tilføre vin-namneklassa nye representantar, som t.d. Dilling (Rygge) og Stemme (Rakkestad).

I heile boka er det rikelege innslag av kulturhistorisk stoff, særleg etnologi. Dette gjer det òg noko lettare for ikkjefagmannen å ta seg fram i artiklane. Likevel er det klart at denne boka ikkje først og fremst er mynta på den interesserte amatøren, til det er ho for detaljert i den vitskaplege diskusjonen. Likevel vil ho vere ei mykje viktig oppslagsbok for alle som befattar seg med eldre busetnadshistorie på Sør-Austlandet.

Boka har fått eit hendig format, vakker innbinding og eit klart trykk på skikkeleg papir. Ikkje minst det siste tener både forfattar og Institutt for namnegransking til ære i ei tid da gråe og utydelege PC-produserte skriftstykke strøymer mot oss frå alle kantar.

Ola Stemshaug
Trondheim

(Denne meldinga har fyrst vore prenta i Heimen 2, 1987)

NY LITTERATUR

Peter Hallaråker: Namn og stad. Handbok i kommunal innsamling og arkivering av stadnamn. Møreforsking og MRDH Volda. 1987. 214 s.

Boka er skriven for lokale medarbeidarar ved stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal (sjå s. 26), der Hallaråker er leiar og fagleg ansvarleg. Dette praktiske siktemålet pregar stoffet på ein heldig måte, samtidig som forf. gjev plass til mange prinsipielle tankar om dokumentasjon og

gransking av stadnamn. Skipnaden følgjer arbeidsgangen for prosjektet, frå "Føremål, organisering og finansiering" (kap.1) til "Publikasjonar" (kap.11). Hovudvekta ligg på sjølve innsamlingsarbeidet, medrekna ei grundig rettleiing til Økonomisk kartverk, som er standardkartet i denne samanhengen. Til sist er det oversyn over namnesamlingar frå fylket, liste over fagfolk og litteraturlistor, m.a. ein ruvande stadnamnbibliografi for Møre og Romsdal.

Boka er svært pedagogisk og i bolkar som den stutte innsamlingshistorikken (s.64ff) mønstergild. Forf. bør skrive meir frå faget sitt. Også stadnamninteresserte i andre delar av landet vil ha godt utbyte av boka, anten dei er aktive samlarar eller berre grundar i det stille. Fagfolk kjenner nok det meste frå før, men ingen må nekte seg den hugnad det er å lesa ei slik kvalitetsbok.

Finn Myrvang: Nord-norske gards- og bustadnamn på -staðir, -staðr og -bólstaðr. Håløygminne bd. 17, hf. 2, 1987. 31 s.

Myrvang drøftar føreledd og etterledd i namna med utgangspunkt i skriftformer, uttale og etymologiske merknader i NG. Han gjev ei mengd utfyllande opplysningar om natur og næring på land og sjø, og om språklege tilhøve i landsdelen. Brytinga mot samisk blir med rette dregen sterkare inn her enn i NG. Myrvang er nøye med å sjå einskildnamnet i større samanheng både typologisk og geografisk.

Ein del av tolkingsframlegga må kallast "dristig gjetting" med forfattarens eigne ord (s.303). Men sjølv om nytolkinga av t.d. Ballstad i Vestvågøy (s.275) ikkje overtyder denne meldaren (og heller ikkje forf.?), er grunnsynet rett: at stad-namn neppe har så mange personnamn i føreleddet som det tidlegare har vori meint. Fordi mange av tolkingane er framsette nærast som spørsmål, verkar artikkelen noko uferdig. Når arbeidet held fram, vil mykje klårne og mange spørjeteikn falle bort. Myrvangs allsidige kunnskap borgar for det.

Kjell-Arthur Paulsen: Stedsnavn i Sør-Varanger. Språk og navneformer i et grenseland. Kirkenes. (U.å.) 91 s.

Sør-Varanger er eit område der møtet mellom samisk, finsk og norsk har avla eit konglomerat av stadnamn av ymsande alder og livskraft. Det eldste og tettaste laget er dei samiske namna; dei finske og norske er jamt over yngre og i mange tilfelle omsetjingar av dei samiske. Men den hardhendte fornorskinga i all skriftleg samanheng har løynt sanninga om dette. På eldre kart er det altfor mange norskspråklege namn i høve til samiske, og ein brote norske eigedomsnamn er kort og godt høvesdikting. Det er viktig å skilje mellom slike kunstprodukt og omsetjingsnamn framvaksne i brukarmiljøet.

Paulsen har samla opplysningar om namn og tradisjon frå hundretals informantar, til dels gjennom elevar som har teki stadnamn som særemne til artium. Mange av informantane kjenner både dei norske, samiske og finske namna der dei bur. Det er ikkje uvanleg at same staden ber to eller tre namn. Dessverre er det heller ikkje uvanleg at dei norske namna driv dei andre inn i gløymsla.

Attåt det munnlege tilfanget nyttar forf. eit stort skriftleg materiale, samtidig som han held fram kva faglitteraturen seier om dei ymse namna. Alle etniske gruppor får her breitt rom i ei detaljrik framstilling.

Boka er innbunden, har stort format, kart, mange bilete, informantliste og litteraturliste. Eg saknar register, for i teksten er ikkje namna ordna alfabetisk, men etter korleis stadene ligg i landskapet; mange namn blir dessutan omtala på fleire plassar. Boka er nr. 2 i ein stadnamnserie utg. av Sør-Varanger Museum.

Johan Petter Nystuen (red.): Regler og råd for navnsetting av geologiske enheter i Norge. Av Norsk stratigrafisk komité. Norsk Geologisk Tidsskrift. Vol. 66. Suppl. 1. 1986. VII+96 s.

Regelverket gjeld kategoriar av geologiske einingar som kan definerast formelt og gjevast særskilde namn. Kategoriane blir anten definerte på grunnlag av materialinnhald

el. andre fysiske eigenskapar, eller på grunnlag av tid el. alder. I kap. 3-4, som fyller det meste av heftet, blir dei ymse einingane gjennomgåtte og forklarte systematisk.

Kategoriane av det første slaget skal ha særnamn, dei andre eit kjenneteiknande samnamn. Skrivemåten skal følgje offisiell normering og reglane for skrivemåten av stadnamn. Nynorsk- og bokmålsformer er jamstilte i alle samanhengar. Formelle namn skal vera godkjende av Norsk stratigrafisk komité (NSK), som er eit fagleg utval under Norsk Geologiråd. I godkjenninga ligg det òg eit vern av namnet. Mange namn som ålmenta kjenner (Altaskifer, Oppdalsheller osb.), fyller ikkje krava til formell status, men også slike namn blir registrerte av NSK.

Geologiske namn er vanleg samansette av to ledd. Førsteleddet er ofte eit stadnamn, jf. døma ovanfor og desse namna: Digermulgruppa, Elvevikleddet, Bjørnøybassenget. Namna skal skrivast i eitt på norsk, ikkje i skilde ledd som på engelsk (the Digermulen Group osb.). Det finst òg treledda namn, men komitéen rår til at den typen blir brukt minst mogleg.

I spørsmål om geologiske namn er "Noreg" det norske fastlandet, norsk kontinentalsokkel, Svalbard, Jan Mayen og norske territorium i Antarktis. Særleg har namning til sjøs vorti ei stor og viktig sak i oljealderen. Dei same reglane gjeld der som på land.

Denne utgreiinga er den første i sitt slag hos oss. Ei detaljert innhaldsliste og eit stikkordregister gjer det lett å finne fram. Vi har fått ei oppslagsbok til gagn for både geologar og namnefolk.

Kristoffer Kruken

NAMNEREGISTER FOR ØSTFOLD

Statens kartverk, Landkartdivisjonen har no lagt inn ikring 100.000 namn frå den nye topografiske hovudkartserien (M711) og tek sikte på å få fullført registeret innan eit par år om det vert stilt nok midlar til rådvelde.

Namna vert lagde inn på edb med opplysning om fylke, kommune, sokn lokalitetstype og koordinatar. Ein alfabetisk prøvekatalog over namn frå Østfold er no laga til intern bruk.

Elles er det nytt at Statens kartverk har trykt eit alfabetisk namneregister på baksida av dei enkelte kartblada.

Institutt for namnegransking. Årsmelding 1985.

INNHALD

Føreord 5

Årsmelding 6

Gunhild Birkeland og Margit Harsson: Oversyn over namnetilfang frå vestlandet og Nord-Noreg 21

Tuula Eskeland: Finske navn på norske kart 73

Thor Frette: Noen synspunkter på -anger (-angen) .. 83

Botolv Helleland: Norske namn i Amerika. Ei granskingsoppgåve for norske fagmiljø? 89

Kåre Hoel: Huseby-garders gamle navn. Huseby - Tesal Huseby - Odinssal Huseby - Skiringssal . 119

Tom Schmidt: Samlingene etter Karl Rygh 133

Litteratur 155

Forkortingar 158

Boka er på 158 sider og kostar kr. 45,-

HISTORISKE OG GEOGRAFISKE NAMN

Norsk språkråd arbeider med ei liste over skrivemåten av historiske namn. Det er venta at den ferdige lista kjem til å innehalde 5000-6000 namn. Ho kjem til å ha med både personnamn, andre særnamn, namn på folkeslag, språk, krigar, konvensjonar osv. og kulturelle, sosiale, politiske og økonomiske omgrep frå noregshistoria og verdshistoria.

Språkrådet held òg på med ei liste over geografiske namn. Fagnemnda har sett på døme på moglege oppføringar, og sekretariatet har utarbeidd utkast til artiklar for bokstaven a.

(Frå Norsk språkråd. Årsmelding 1986.)

KVA ER EIT NAMN?

(Klipp frå VG 24.3.1986)

Det rette navnet —

Skiskøyting er kommet for å bli — sies det. La gå at denne fremkomstmåten på ski skal komme til å bestå som en ny idrettsdisiplin — men gi den det rette navn. Teknikken minner jo unektelig om hurtigløp på skøyter, men den er jo stilmessig en elegant og smidig idrett som det er en fornøyelse å se på — hvilket den jo ikke fremstår som overført på skiidretten.

«Je syns itte noe om denna skrævinga» — sa den tidligere storløperen Ole Ellefsæter i Frokost-TV Holmenkoll-lørdagen.

Det var vel det rette navnet: «Skrævgåing». Bare sepå dem når de vrikker og skræver seg i motene.

Tormod Håløyg,
Trondenes.

NORNA-rapporter 33

PERSONNAMN I STADNAMN

Artikkelsamling
frå NORNAs tolvte symposium
i Trondheim 14.-16. mai 1984

Redigert av
Jørn Sandnes og Ola Stemshaug

230 sider kr. 139,-

TILBUD TIL MEDLEMMER AV NORSK NAMNELAG

Ved å sende inn kupongen vedlagt en sjekk på kr. 118,-
vil vi sende boka portofritt!!

Jeg bestiller

..... PERSONNAMN I STADNAMN (à kr. 118,– / ISBN 82-519-0754-3)

Navn .....

Adresse .....

.....

Underskrift: ..... Dato: .....

TAPIR FORLAG
Øvre Flatåsveg 16
7079 FLATÅSEN

postgiro: 4 84 04 01
bankgiro: 8601.08.09950

Returadresse:

Institutt for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO 3

Nå foreligger:

NORNA-RAPPORTER 35

Nyere nordisk personnavnskikk

Rapport
fra et symposium på Skammestein i Valdres
10. – 14. april 1985

Redigert av
Tom Schmidt

NORNA-FÖRLAGET
UPPSALA 1987

som kan bestilles fra Institutt for namnegransking
v/Gunhild Birkeland
Postboks 1011 Blindern
N-0315 Oslo 3
Norge
Prisen er Nkr. 90,- + porto kr. 10,- fram til 1. oktober,
deretter kr. 110,- (+ porto).
For å lette ekspedisjonen vil vi be om at du betaler Nkr. 100,-
til postgiro 2 38 23 98. Merk talongen NORNA-rapporter 35.

ISSN 0800 - 4676